



Kartlegging av naturtypar knytt til
kulturlandskapet i
Surnadal og Sunndal kommunar,
Møre og Romsdal fylke

Bioreg AS Rapport 2019 : 07

BIOREG AS

Rapport 2019 : 07

Utførande institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-393-5
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Hege Steigedal	Dato: 16.04.2019
Referanse: Hasvik, Å., Langmo, S. H. L & Oldervik, F. G. 2019. Kartlegging av semi-naturlege naturtypar på to gardsbruk på Mogstad i Surnadal, Møre og Romsdal. Bioreg AS rapport 2019 : 07 ISBN; 978-82-8215-393-5.		
Referat: <p>Rapporten skildrar naturverdiar knytte til kulturlandskapet på to gardsbruk på Mogstad (gnr/bnr 58/6 og 58/7), Surnadal, samt eit bruk i Jordalsgrenda (gnr/bnr 89/3) i Sunndal kommune. Den naturfaglege undersøkinga for oppdraget vart gjennomført ved besøk i juli og september 2018. Nykartlegging har ført til registrering av til saman 14 naturtypelokalitetar. Dei nykartlagde lokalitetane fordeler seg på naturtypane slåttemark (9), naturbeitemark (2) slåttemyr (2) og haustingsskog (1).</p> <p>I samband med undersøkingane vart det registrert fleire raudlista artar - i hovudsakbeitemarkssopp og epifyttiske lavartar som veks på gamle, styva almetre. I sum vart det registrert seks NT-artar, fem VU-artar og ein EN-art.</p> <p>Samla sett resulterte kartlegginga i auka kunnskap om naturverdiane knytt til kulturlandskapet på Mogstad i Surnadal og på Ekkerøya i Jordalsgrenda, Sunndal.</p>		
8 emneord: Kulturlandskap Naturtype Skjøtsel Slåttemark Naturbeitemark Haustingsskog Slåttemyr Styva almetre		

Føreord

Bioreg AS fekk i 2018 i oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal å undersøke naturtypar tilhøyrande to gardsbruk på Mogstad i Surnadal, samt eit bruk i Jordalsgrenda i Sunndal kommune. Kartlegginga var initiert av brukarane som eit ynskje om å betre kunnskapen om verdiane knytte til kulturlandskapet på bruka, og få kartfesta og registrert kva for område som har verdifull natur.

Totalt vart 16 område undersøkt, og 13 vart kartlagd som nye naturtypelokalitetar, medan tre vart registrert som ikkje prioriterte lokalitetar. Det er registrert åtte slåttemarkslokalitetar, to av desse er verdisett som A- lokalitetar, tre som B-lokalitetar, og tre er vurdert som restaureringsareal. Sistnemnte vurderast som C-lokalitetar, og det er eit håp om at dei kan få auka verdi etter nokre års riktig skjøtsel. I tillegg til slåttemark vart det registrert to lokalitetar med naturbeitemark, ein haustingsskog samt to slåttemyrer.

Grunneigarane på gardane er svært interessert i å ta tak i skjøtselen av lokalitetane både med slått av eng- og myreal, beitebruk og styving av alm. Dette er eit svært positive initiativ som ein må stø på alle måtar, særleg sidan målsetjinga deira er å gjenskapa det gamle kulturlandskapet slik det var for 70 -150 år sidan. Om dei lukkast med å nå målet, noko vi trur at dei gjer, så vil vi finna eit unikt tidsbilete på garden som vil vise korleis det var den gongen både innmark og utmark vart nytta fullt ut som beitemark og til produksjon av vinterfôr til husdyra.

På Mogstad har dei alt sett i gang med ryddetiltak og skjøtselstiltak, og er, etter det vi veit, av dei få private som held på med skjøtsel av slåttemyr. Lokalitetane på Mogstad vil med rett skjøtsel verte eit flott tilskot til kulturlandskapet i Surnadal, og vi ser fram til å følgje utviklinga.

Vi vil med dette takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal for godt samarbeid og eit spanande oppdrag. Takk også til grunneigarane som har vore svært hjelpsame og teke vel imot oss dei gongane vi har vore der for å kartleggja. Takk også for den store iveren dei viser for å gjenskapa kulturlandskapet slik det var, samt for å ta vare på verdiane ved god skjøtsel.

For Bioreg AS

Finn Gunnar Oldervik

Mjosundet i Aure 15.04.2019

Åshild Hasvik

Mjosundet i Aure 15.04.2019

Solfrid Helene Lien Langmo

Markabygda 15.04.2019

Innhold

1 Rapport.....	6
1.1 Samandrag	6
1.2 Mogstad, Surnadal.....	7
1.2.1 Området.....	7
1.2.2 Eksisterande kunnskap.....	8
1.2.3 Dei naturfaglege undersøkingane	8
1.2.4 Kartlegging	10
1.2.5 Konsekvensar for andre lokalitetar i naturbase.....	15
1.2.6 Behovet for ytterlegare kartlegging	15
1.3 Ekkerøya i Jordalsgrenda, Sunndal	16
1.3.1 Området.....	16
1.3.1 Eksisterande kunnskap om området.....	16
1.3.2 Kartlegging	16
2 Kjelder	20
2.1 Skriftlege	20
2.2 Munnlege	20
1 Vedlegg, Lokalitetsskildringar for Naturbase	21
1.1 Austistua, Mogstad.....	21
1.1.1 Lok. 1. Austistua, Stortrøa.....	21
1.1.2 Lok. 2. Austistua, Pellen	25
1.1.3 Lok. 3. Austistua, Litjeslettløa	29
1.1.4 Lok. 4. Austistua, Kalvgeilen.....	33
1.1.5 Lok. 5. Austistua, Haustingsskog.....	36
1.2 Utistua, Mogstad	39
1.2.1 Lok. 6. Utistua, Sommarfjørstrøa	39
1.2.2 Lok. 7. Utistua, Arntrøa	43
1.2.3 Lok. 8. Utistua, Blomøytrøa.....	47
1.2.4 Lok. 9. Utistua, Almpillia.....	51
1.2.5 Lok. 10. Utistua, Rishaugen.....	56
1.2.6 Lok. 11. Utistua, Nistusetra	60
1.3 Ekkerøya, Jordalsgrenda	64
1.3.1 Lok. 12. Ekkerøya, nord for garden	64
1.3.2 Lok. 13. Ekkerøya, sør for garden	67
2 Vedlegg 2 Uprioriterte lokalitetar som ikkje skal leggjast i Naturbase	69
2.1.1 Lok. 14. Utistua, Gammalsetra	69
bilde 72	
2.1.2 Lok. 15, Korstrøbakken, Austistua, Mogstad.....	74
2.1.3 Lok. 16, Utistua; Sautrøbakken	77
3 Vedlegg 2 Artslister.....	80
3.1 Austistua, Mogstad.....	80
3.1.1 Lok. 1. Austistua, Stortrøa	80

3.1.2	Lok. 2. Austistua, Pellen.....	83
3.1.3	Lok. 3. Austistua, Litjeslettløa	86
3.1.4	Lok. 4. Austistua, Kalvgeilen	88
3.1.5	Lok. 5. Austistua, Haustingsskog	89
3.2	Utistua, Mogstad	91
3.2.1	Lok. 6. Utistua, Sommarfjøstrøa	91
3.2.2	Lok. 7. Utistua, Arntrøa	93
3.2.3	Lok. 8. Utistua, Blomøytrøa.....	94
3.2.4	Lok. 9. Utistua, Almpillia	95
3.2.5	Lok. 10. Utistua, Rishaugen	96
3.2.6	Lok. 11. Utistua, Nistusetra	98
3.3	Ekkerøya, Jordalsgrenda	100
3.3.1	Lok. 12. Ekkerøya, nord for garden.....	100
3.3.2	Lok. 13. Ekkerøya, sør for garden	101
3.4	Artslister for lokalitetar som ikkje vert lagt inn i Naturbase	102
3.4.1	Lok. 14. Gammalsetra.....	102
3.4.2	Lok. 15. Austistua, Korstrøbakken	103
3.4.3	Lok. 16, Utistua, Sautrøbakken	104

1 Rapport

1.1 Samandrag

I samband med kartlegginga av naturverdiar knytt til kulturlandskapet på to gardsbruk i Surnadal og eit i Sunndal, gav Fylkesmannen i Møre og Romsdal Bioreg AS i oppdrag å kartleggja tre kulturtilknytte naturtypelokalitetar på to bruk på Mogstad, samt ein lokalitet på eit bruk i Jordalsgrenda. Der det er registrert verdifulle naturtypar, skal det utarbeidast lokalitetsskildringar for Naturbase. Dei naturfaglege undersøkingane og rapportering er gjennomført av Åshild Hasvik, Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, alle frå Bioreg AS.

På Mogstad var den opphavelege avtalen med Fylkesmannen at tre lokalitetar skulle undersøkast i felt. Etter første synfaringa 15. juli 2018 vart det tydeleg at det var fleire verdifulle lokalitetar her enn det ein var førespeglia, og det vart ved same høvet gjennomført ein rask vurdering i felt av fire nærliggande område. Etter samtal med Fylkesmannen i Møre og Romsdal vart oppdraget utvida, og dei lokalitetane som vart undersøkt ved det første høvet vart grundigare undersøkt den 13.09.2018 av Åshild Hasvik, Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik. Det resulterte i at ytterlegare seks lokalitetar vart innlemma i prosjektet. Småbruket på Ekkerøya i Jordalsgrenda vart undersøkt 14.09.2018 av Finn Oldervik og Åshild Hasvik.

Dei naturfaglege registreringane er utført i samsvar med metodikken i DN-handbok 13. Det er tatt utgangspunkt i revidert faktaark for dei gjeldande naturtypane. Naturtypane er også namngjevne etter terminologien i NiN 2.1 i målestokk 1:5000 (Bratli et al. 2017). Arbeidet er basert på eigne feltundersøkingar. I tillegg er også eksisterande kunnskap som er å finna i Artskart (Artsdatabanken 2018), Naturbase og anna litteratur tatt med. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Artslister vil bli lagt inn i artsobservasjoner.no, og slik også koma fram på Artskart. GPS vart brukt for nøyaktig stadfesting av interessante funn. Nokre av desse er det også tatt belegg av, samt fotodokumentasjon. Grunneigarane deltok på deler av dei naturfaglege undersøkingane. I tillegg kom dei med verdifulle opplysningar om driftshistorikken på gardane.

Til saman vart 16 lokalitetar undersøkt, og 13 av desse vert klargjort for Naturbase. Lokalitetane fordelt seg på 11 lokalitetar på dei to gardane på Mogstad, og to lokalitetar på Ekkerøya. Dei nykartlagde lokalitetane fordeler seg på naturtypane slåttemark (8), naturbeitemark (2) slåttemyr (2) og haustingsskog (1). I samband med undersøkingane vart det registrert fleire raudlista artar. I hovudsak beitemarksopp og epifyttiske artar som veks på gamal, styva alm (VU). I sum vart det registrert seks NT-artar, fem VU-artar og ein EN-art.

Fleire av lokalitetane vart undersøkt med tanke på at dei er gode restaureringsobjekt. Etter rett skjøtsel i ein periode på om lag fem år, vonar ein at slåttemarksstruktur og andre teikn på rett skjøtsel etter kvart vil verta tydelegare også på dei lokalitetane som har vore ute av hevd i lengre tid. Ein vonar óg at god skjøtsel vil medføra at det etter kvart vil koma inn fleire gode naturengartar i områda samanlikna med i dag, inkludert fleire indikatorartar for semi-naturleg eng. I følgje norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken, 2018) er alle semi-naturlege naturtypar truga. I tillegg er slåttemark og slåttemyr to av totalt seks naturtypar som er rekna som utvalde naturtypar etter lov om Naturmangfald. Det er difor viktig at desse naturtypane vert registrerte og tatt vare på gjennom rett skjøtsel.

1.2 Mogstad, Surnadal

1.2.1 Området

Området som er undersøkt tilhører gardsbruk på Mogstad (gnr/bnr 58/6 og 58/7), om lag 5 km aust for Surnadal sentrum (Skei). Bruka ligg langs elva Surna, på den nordlege sida av dalen, og dei fleste lokalitetane er difor sørsvendte. I dalsida er det, i tillegg til kulturlandskapet, område med lauvskog der or, hassel, og alm (VU) er viktige treslag. Her er også nokre plantefelt med gran.

Lokalitetane som tilhører setrene ligg lengre opp i dalsida, ca. 1,7 km opp frå bruken på Mogstad ved om lag 400 høgdemeter, i øvre del av Fagerlia.

Lokalitetane ligg for det meste i sør boreal vegetasjonssone (SB), men dei som ligg lengst oppe kjem nok inn i nord boreal sone (NB). Alle lokalitetane må plasserast i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnskart i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som hav- og fjordavsetningar (ngu.no/kart/-losmasser).

Av flyfoto frå 1963 ser ein at områda den gongen var meir opne enn dei er i dag, og med eit klart preg av kulturpåverknad.

På Utistua var det full drift fram til 1986. Tidlegare eigar Olav, hadde rundt fem til åtte mjølkekryr, og fem til ti vinterfôra sau. Det vart slutt på sauehaldet i siste halvdel av 70-talet. Kyrne hadde han lengre, og i tiåret mellom 1986 og 1996 gjekk det nokre kviger å beita på garden. Noverande grunneigar kjøpte garden i 1996. Frå overtakinga og fram til 2012 var det ingen beitedyr på garden, og områda rundt Rishaugen og Sommarfjøstrøa låg ubevert, slik at dei etter kvart var i ferd med å gro igjen. På nokre av dei andre slåttemarksteigane har bruken i motsett fall vorte intensivert. Både intensivering og brakklegging er negativ utvikling for slike naturtypar.

På Austistua Mogstad vart garden frådelt hovudbruken i 1937 og Dordi og Jon Mogstad (besteforeldra til dagens grunneigarar) fekk bygd seg hus her. Dei starta med mjølkeproduksjon med sju mjølkekryr, for det meste telemarksku. I tillegg hadde dei to purker, og eit ti-tals vinterfôra sau. Lars J. Mogstad (son) fortel at Dordi alltid samla lauvkjerv til sauene, fordi dei var så glade i dette.

Mjølkeproduksjonen, og såleis den fulle drifta av jorda, vart avslutta midt på 1970-talet. Etter dette hadde dei framleis to kalvar (gåande i tjør) samt hest nokre år, som beita litt i bakkane ovanfor tunet. Nokre år etter dette vart det heilt slutt med dyrehaldet her, bortsett frå høner og eggproduksjon som dei dreiv med fram til 1980-talet. Etter at drifta tok slutt på 70-talet vart ikkje bakkane slått lengre. Rydding av Stortrøa og oppattaking av slåtten kom i gang igjen ved tusenårsskifte. Og marka vart også gjerdar inn til sommarbeite for kalvar. Kalvar og kviger (NRF) gjekk her ein kort periode kvar sommar på beite, i 4-5 års tid først på 2000-talet. Så vart det eit opphold på 2-3 år utan beite til 2007, då noverande grunneigarar starta med kalvar (sida trønderfe) på sommarbeite og sidan kvar sommar fram til i dag. Kalvane kjem på beite etter slått av Stortrøene og Pellen, slik at dei etterbeiter i slåttemarka, samt i den gamle kalvbeitet Kalvgeilen og i lauvskogen austover og utover til eigedomsgrensene. Samtidig driv grunneigarar kontinuerleg rydding av gjerdetrase samt restaurering i form av rydding og vedhogst i ulike delar av beiteområdet.

1.2.2 Eksisterande kunnskap


Lokalitetane har sparsamt med registreringar i Artskart, berre nokre registreringar i tilknyting til lokalitetane nær garden på Utistua. På Austistua hadde dei tidlegare sommaren 2018 besøk av Ellen Svalheim. Ved det høvet fekk grunneigar hjelp med å skrive artslister for dei to slåttemarkene på Austistua og desse listene er tekne med i vurderinga.

1.2.3 Dei naturfaglege undersøkingane

Bruka på Mogstad vart første gang oppsøkt for ei naturfagleg undersøking 15.07.2018. Då var enda ikkje slåtten gjennomført, noko som letta arbeidet med registrering av artar. Undersøkinga resulterte i ei avgrensing av alle slåttemarkene, samt slåttemyra/seterstølen på Nistusetra. Det vart registrert karplanter, i tillegg til epifyttiske lav, mosar og sopp på styva almetre.

Andre undersøkinga vart gjennomførd 13.09.2018. Da vart lokalitetane med naturbeitemark, haustingsskog, den for det meste attgrodde slåttemarka på Gammalsetra, samt slåttemyra tilhøyrande Austistua vurdert. Styva, gamle almetre vart undersøkt for epifyttiske artar. Alle lokalitetane i Surnadal vart undersøkt for beitemarksopp.

Undersøkingane vart gjennomført av Åshild Hasvik og Finn Oldervik den første gongen, medan Solfrid Helene Lien Langmo også deltok ved undersøkinga som vart gjort i september. Været var fint ved begge høva. Nokre av lokalitetane har truleg eit betydeleg våraspekt, som enda ikkje er undersøkt. Særskild gjeld nok dette for områda med haustingsskog og naturbeitemark.



Figur 1: Oversiktskart over dei fleste lokalitetane på dei to bruka på Mogstad. Kartet viser 1: Stortrøa, 2: Pellen, 4: Kalvgeilen, 5: Austistua haustingsskog, 6: Sommerfjøstrøa, 7: Arntrøa, 8: Blommøytrøa, 9: Almpillia, 10: Rishaugen, 15: Korstrøbakken og 16: Sautrøbakken. (Kartet viser ikkje lokalitetane med slåttemyr og Gammelsetra som alle ligg lengre opp i lia). Det øvste kartet er lagt på eit gammalt flyfoto frå 1963, medan det andre er frå eit nyare flyfoto frå 2017. Her ser ein tydeleg at deler av det som tidlegare var ope kulturlandskap har grodd igjen. Karta er utarbeida i Q-GIS med kartgrunnlag © Kartverket og Norge Digitalt. Bakgrunnsfoto er Ortofoto Rindal-Surnadal-Stangvik 1963 og Ortofoto Surnadal-Rindal 2017.

1.2.4 Kartlegging

Kartlegginga har ført til registrering av til saman 11 prioriterte naturtypelokalitetar på dei to gardane på Mogstad. Dei kartlagde lokalitetane fordeler seg på naturtypane slåttemark (6), naturbeitemark (2) slåttemyr (2) og haustingsskog (1) (oversikt i tabell 1).

På Austistua er ein lokalitet med naturbeitemark (Kalvgeilen) vurdert som restaureringsareal. Årsaka er at lokaliteten er prega av gjengroing fordi skjøtselen her tok slutt eingong på 1960-talet. På Utistua er naturbeitemarka Almpillia og slåttemarka på Blomøytrøa også vurdert som restaureringsareal av same grunn. Dei to andre restaureringsareaala tilhøyrande Utistua; Arntrøa og Rishaugen har i motsetnad vore drivne for intensivt. Desse eng-areaala har i dag preg av å ha vore jordbearbeida, gjødsla og mogleg også planert. Verdien av restaureringsareaala er vurdert å vere lokalt viktige -verdi C. Vi har tru på at ein del år med tradisjonell skjøtsel, og rydding der det er behov, vil auke verdien til desse lokalitetane.

Lokaliteten Sommarfjøstrøa på Utistua har fått verdi B sjølv om lokaliteten ber preg av noko jordbearbeiding og gjødsling. Lokaliteten har likevel fleire indikatorartar for slåttemark, samt at det er registrert ein raudlista beitemarksopp, lutvokssopp (NT), der.

Ved den naturfaglege undersøkinga på Mogstad 13.09.2018 vart ytterlegare tre moglege lokalitetar vurdert. Det gjeld eit område som truleg kan definerast som haustingsskog, Sautrøbakken, ei tidlegare slåttemark på Gammalsetra, og ei naturbeitemark, Korstrøbakken.

Sautrøbakken ligg i eit område rett ved Arntrøa tilhøyrande bruket på Utistua. Då lokaliteten såg ut til å strekke seg eit lengre stykke mot vest vart det vurdert slik at det ikkje var mogleg å få full oversikt over lokaliteten i denne omgang, og at den ikkje var omfatta av oppdraget. Lokaliteten verkar interessant, og bør undersøkjast i sin heilskap ved eit seinare høve.

Slåttemarka på Gammalsetra har ikkje vore skjøtta på lang tid og er i gjengroing. Restaurering og igangsetting av tradisjonell skjøtsel vil truleg etter kvart føre til at lokaliteten kan kartleggjast ved eit seinare høve. I lokaliteten er det også mindre delar med slåttemyr.

Korstrøbakken ligg i ein skråning nedanfor slåttemarka Pellen på Austistua. Slik området framstår i dag er artsmangfaldet for lågt til at det oppnår inngangsverdien for C-lokalitet i samsvar med faktaarket for naturbeitemark. Det er fullt mogleg at lokaliteten kan registrerast i naturbase om nokre års tid, om det vert rydda og skjøtsel med beite vert teke opp igjen.

Dei resterande lokalitetane er vurdert som A-lokalitetar. På Austistua gjeld det slåttemarkene Stortrø og Pellen, slåttemyra Litjeslettløa og haustingsskogen. Tilhøyrande Utistua/Nistua er slåttemyra Nistusetra verdisett som; Svært viktig – A.



Figur 2: Bilete viser øvre del av Arntrøa. Denne lokaliteten har vore intensivt skjøtta over lengre tid, og det er berre kantsoner og nedre del som er skilt ut som naturtypelokalitet med C - verdi.




Figur 3: Sautrøbakken, dette området vart ikkje kartlagt i denne omgang, men kan likevel ha verdiar intakt. Eigaren har planar om å gjera forsøk med styving av alm i denne bakken. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.

At grunneigarane er svært interessert i å sette i gang med tradisjonell skjøtsel er eit ekstra pluss i verdivurderinga av alle dei aktuelle lokalitetane. Spesielt er det positivt med initiativ til skjøtsel av dei to slåttemyrene, då det, etter vår kunnskap, er svært sjeldsynt med privat skjøtsel av slåttemyr i dag. Nistusetra har vore slått kvart år dei siste fem åra, Litjeslettløa har vore slått i 2018 og tidlegare for nokre få år sidan.

Det er også positivt for lokalitetane at dei ligg i nærleik til elva Surna med elvemiljø beståande av meanderande elvelaup og flaummarkskog. Dette kan mellom anna gje gode spreingsmoglegheiter for ulike artar.

Tabell 1: Oppsummering av resultantane av nykartlegging på Mogstad i 2018.

Nr.	Lokalitet	Naturtype (etter DN-handbok 13)	Raudlista naturtype	Verdi	Merknad
	Austistua				
1	Stortrøa	Slåttemark	Slåttemark -CR	A	
2	Pellen	Slåttemark	Slåttemark -CR	A	
3	Litjeslettløa	Slåttemyr	Semi-naturleg myr -EN	A	
4	Kalvgeilen	Naturbeitemark	Semi-naturleg eng -VU	C	Restaureringsareal
5	Austistua Haustingsskog	Haustingsskog		A	
15	Korstrøbakken	Naturbeitemark	Semi-naturleg eng -VU	-	Ikkje kartlagt for Naturbase
	Utistua				
6	Sommarfjøstrøa	Slåttemark	Slåttemark -CR	B	
7	Arntrøa	Slåttemark	Slåttemark -CR	C	Restaureringsareal
8	Blommøytrøa	Slåttemark	Slåttemark -CR	C	Restaureringsareal
9	Almpillia	Naturbeitemark	Semi-naturleg eng -VU	B	Restaureringsareal
10	Rishaugen	Slåttemark	Slåttemark -CR	C	Restaureringsareal
11	Nistusetra	Slåttemyr	Semi-naturleg myr -EN	A	
14	Gammalsetra	Slåttemark	Slåttemark -CR	-	Ikkje kartlagt for Naturbase
16	Sautrøbakken	-	-	-	Ikkje kartlagt for Naturbase



Figur 4: Kart med oversikt over lokalitetane som er undersøkt på Austistua. Lokalitetane er: 1: Stortrøa, 2: Pellen, 4: Kalvgeilen, 5: Austistua haustringsskog og 15: Korstrøbakken. Karta er utarbeida i Q-GIS med kartgrunnlag © Kartverket og Norge Digitalt. Bakgrunnsfoto er Ortofoto Rindal-Surnadal-Stangvik 1963 og Ortofoto Surnadal-Rindal 2017.

I samband med undersøkingane vart det registrert fleire raudlista artar. I hovudsak epifyttiske artar som veks på gamle, styva alm (VU), samt beitemarksopp. I sum vart det registrert 6 NT-artar av sopp og lav og 4 VU-artar av sopp og lav, samt alm. I tillegg vart det registrert ein EN-art, *Chlorostroma vestlandicum*, ein parasittisk sopp på almekolsopp (NT) (tabell 2). Ein av dei raudlista artane er gråsotbeger (VU) som vart registrert på den gamle høyløa som ligg ved slåttemyra Litjeslettløa. Det er truleg godt potensial for funn av fleire interessante artar på løa, og det er viktig at den får stå slik den er i dag.



Figur 5: Ein av dei raudlista artene frå kartlegginga er gråsotbeger (*Cyphelium inquinans*) (VU), som vart registrert på dei lafta veggane på Litjeslettløa. På biletet ser vi også grønsotnål (*Calicium viride*). Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.

Registreringar av både raudlista og meir trivuelle artar av beitemarksopp gjer at vi reknar at fleire av lokalitetane har eit godt potensiale for fleire spanande artar av beitemarksopp. Vi vonar og ventar at restaurering av lokalitetane over tid vil vise eit større mangfald av artar frå denne gruppa.

Insekter er ikkje kartlagt gjennom dette arbeidet, men det er viktig å ta omsyn til denne artsgruppa når ein utfører skjøtsel, då det er mange artar som er knytt til kulturlandskapet, og ikkje minst blomsterengene. At dei fleste lokalitetane på Mogstad er meir eller mindre sørvende aukar potensialet for gode insekthabitat. På Utistua bind ein traktorveg dei ulike lokalitetane saman. Slike vegkantar i nærleik til slåttemark kan med fordel slås på seinsommaren slik at dei kan fungere som spreingskorridorer for insekt. Ved hogst er det tilrådeleg å la selje og vier få stå, då desse bidreg med pollentidleg i sesongen før dei fleste andre plantane har starta bløminga. Bringebær, stornesle og tistlar er også verdifulle pollenkjelder for insekta, og bør få stå i kantsoner og kratt her og der. Det er også tilrådeleg å ta vare på gamle steingardar og rydningsrøyser då desse er gode habitat for insekt, og ulike dyr. Det same gjeld liggjande og ståande død ved, samt kvisthaugar, som gjerne kan få ligge i utkanten av lokalitetane (Elven & Bjureke 2018).

Tabell 2: Oversikt over registrerte raudlisteartar.

Norsk namn	Latinsk namn	Raudliste-status	Tal på lokalitetar
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	VU	7 registrerte store, styva tre, samt mange unge tre.
Almekolsopp	<i>Hypoxylon vogesiacum</i>	NT	3
Almelav	<i>Gyalecta ulmi</i>	NT	4
Bleikdoggnål	<i>Sclerophora pallida</i>	NT	6
Blådoggnål	<i>Sclerophora farinacea</i>	VU	1
Gråsotbeger	<i>Cyphelium inquinans</i>	VU	1
Lutvokssopp	<i>Hygrocybe nitrata</i>	NT	2
Mjølraudspore	<i>Entoloma prunuloides</i>	NT	1
Russelærvokssopp	<i>Cuphophyllus russocoriaceus</i>	NT	1
Raudnande lutvokssopp	<i>Neohygrocybe ingrata</i>	VU	1
	<i>Chlorostroma vestlandicum</i>	EN	1

1.2.5 Konsekvensar for andre lokalitetar i naturbase.

Slåttemyra Litjeslettløa overlappar med vestleg utkant av ein allereie eksisterande lokalitet med rik edellauvskog. Dette er lokalitet BN00050503 Mogstad: Brøskjåa-Høglia.

1.2.6 Behovet for ytterlegare kartlegging

Restaureringsareala bør undersøkjast på nytt etter om lag fem år for å undersøke om verdien har auka. I ein eventuell rekartlegging bør også beitemarksopp undersøkjast.

Grunneigarane på begge bruksområda er interessert i å sette i gang med styving av alm, samt restaurering av gamle styva almetre. Desse prosjekta kan med fordel følgjast opp. Vi foreslår at almetrea bør undersøkast på nytt om 8-10 år. Med tanke på slåttemark, så bør også ekrene ved det gamle plassrommet, Leikaren undersøkjast.

Det er truleg fleire biologiske verdiar knytt til edellauvskog i lia opp frå bruksområda på Mogstad. Sautrøbakken vart ikkje vurdert i denne omgang då den truleg strekkjer seg eit godt stykke vestover. Dette området bør undersøkast ved eit seinare høve, både med tanke på artsmangfald og avklaring av naturtype og samla verdi.

1.3 Ekkerøya i Jordalsgrenda, Sunndal

1.3.1 Området

Området som er undersøkt høyrer til småbruket Ekkerøya (gnr/bnr 89/3), og ligg rett vest for Jordalselva i Jordalsgrenda i Sunndal kommune. Lokalitetane ligg austvendt.

Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). Bergrunnskart over området viser at bergrunnen for det meste består av diorittisk til granittisk gneis, i hovudsak kvartsdiorittisk, men også migmatittisk (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er moreneavsetningar, i tillegg grenser lokaliteten mot breelvavsetningar i vest (ngu.no/kart/-losmasser).

På garden har dei hatt sau på beite fram til ca. 2007. Grunneigarane har normalt slått enga med slåmaskin, men i 2017 og 2018 vart det bruka beitepussar. Fram til 2007 vart høyet hesja, sidan den tid har dei fjerna høyet etter nokre dagars tørking på marka. Dei har vanlegvis slått marka i slutten av juli. Store delar av dei resterande områda på garden vart pløgd opp til jordbæråker og potetåker for 30-40 år sidan.

1.3.1 Eksisterande kunnskap om området.

Det er ingen tidlegare registrerte lokalitetar på garden. På garden er det gjort registreringar av biller, desse registreringane er gjort i perioden fra 1977 – 1983, og omfattar ti ulike artar (artskart.no).

Lokalitetene ligg rett ved Jordalselva, nærliek til elvemiljø som bidreg med «stepping stones», og gjer at artar lettare spreier seg mellom lokalitetar.

I område som ligg innanfor ein radius på fem km frå lokalitetene er det registrert 31 naturtypelokalitetar i Naturbase.no. Her er det mellom anna områder med gammalskog, to lokalitetar med naturbeitemark, og tre lokalitetar med slåttemark, to av desse er verdisett som svært viktige (A-lokalitetar).

1.3.2 Kartlegging

Delar av garden er tidlegare intensivt utnytta åker, slik at det berre er mindre areal i kantane som er registrert som slåtteområde, i tillegg til ein teig sør for gardshusa, på andre sida av vegen. Lokalitetene nord for garden er delt opp i to del-lokalitetar.

På garden vart det avgrensa to lokalitetar. Ein av desse er sett saman av to mindre lokalitetar med slåttemark. Desse lokalitetane ligg nær kvarandre nord for garden. Den andre lokalitetene ligg sørvest for garden og ein veg som skil lokalitetene frå resten av gardsområdet. I samband med undersøkingane vart det registrert ein raudlista art, nemleg raud honningvokssopp (VU) i lokalitetene Ekkerøya nord for garden, elles var artsutvalet relativt ordinært.

Lokalitetane er prega av at delar av området tidlegare har vore dyrka opp, og verdien vil truleg betrast med tradisjonell slåtteskjøtsel. Dei vil begge verte lagt inn i Naturbase med verdien viktig, B. Verdivurderinga er grunngjeven i storleik (0,7 daa) funn av ein raudlista beitemarksopp, at dette er opne lokalitetar utan teikn på attgroing med nærliek til andre verdifulle kulturmarksareal.

Tabell 3: Oversikt over dei to lokalitetane på Ekkerøya gard i Jordalsgrenda, Sunndal.


Lokalitet	Naturtype (etter DN-handbok 13)	Raudlista naturtype	Verdi	Merknad
Ekkerøya				
Ekkerøya, nord for husa	Slåttemark	Slåttemark -CR	B	
Ekkerøya, sør for husa	Slåttemark	Slåttemark -CR	B	



Figur 6: Delar av den nordlege slåttemarka, sett mot garden i sør. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 14.09.2018.



Figur 7: Den sørlege slåttemarka på garden. Biletet er tatt frå vegen og mot sørvest. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 14.09.2018



Figur 8: Kart med oversikt over lokalitetane som er kartlagt på Ekkerøya. Karta er utarbeida i Q-GIS med kartgrunnlag © Kartverket og Norge Digitalt. Bakgrunnsfoto er ortofoto More 2018 og ortofoto Nesset-Sunndal 1974.

2 Kjelder

2.1 Skriftlege

Artsdatabanken (2018). Norsk rødliste for naturtyper 2018. Hentet (01.19) fra <https://artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

Artskart.artsdatabanken.no 11.01.19. Funndata fra: norsk botanisk museum, NTNU - Vitenskapsmuseet. Nedlasta gjennom artskart.

Bratli, H. (2015) Naturbeitemark Faktaark, oppdatert juni 2018.

Bratli, H., Halvorsen, R., Bryn, A., Arnesen, G., Bendiksen, E., Jordal, J. B. et al. (2017). Dokumentasjon av NiN versjon 2.1 tilrettelagt for praktisk naturkartlegging i målestokk 1:5000. Natur i Norge, Artikkkel 8 (versjon 2.1.2).

Elven, H. & Bjureke, K. 2018. Pollinatorvennlig skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo. Rapport nr. 77, 80 s.

Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU Vitenskapsmuseet. Rapport botanisk serie 2001-4.

Henriksen S og Hilmo O (2015) Rødlista - hva, hvem, hvorfor? Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken <<http://www.artsdatabanken.no/Rodliste/HvaHjemHvorfor>>. Nedlastet 04/01/19.

Moen, A. (1998). Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

ngu.no/kart/berggrunn, <https://geo.ngu.no/kart/berggrunn/> Norges geologiske undersøkelse, berggrunnskart N250, hentet 04.01.19

ngu.no/kart/losmasser, <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/> Norges geologiske undersøkelse, lausmassekart med symboler, hentet 04.01.19

ngu.no/kart/losmasser, <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/> Norges geologiske undersøkelse, lausmassekart med symboler, hentet 08.01.19. Opphav: Reite, A, J. 2002: Vinjeøra 1421 II, kvartærgeologisk kart M 1: 50 000. Norges geologiske undersøkelse.

Norderhaug, A (2014). DN-håndbok 13 Høstingsskog faktaark Oppdatert 30. november 2014.

Svalheim, E. (2015) Slåttemark Faktaark, oppdatert juni 2018.

Øien, D.I., Lyngstad, A., & Moen, A. (2014) DN-håndbok 13 Faktaark om slåttemyr, oppdatert 27.11.2014.

2.2 Munnlege

Utistua, Mogstad: Arild Mogstad, Utistua Mogstad, 6650 Surnadal. Mob. 918 52 810. E-post: nordzia582@gmail.com

Austistua, Mogstad: Dordi Kristin Mogstad og Trygve Megaard. Mob. 920 38 390, E-post trygve.megaard@ntnu.no

Ekkerøya: Arve Meisal, Bjørgs Gate 2 A, 6600 Sunndalsøra, Tlf. 911 46 848. E-post: arve.meisal@sundals.net

1 Vedlegg, Lokalitetsskildringar for Naturbase

1.1 Austistua, Mogstad.

Under følger lokalitetsskildringar for seks lokalitetar tilhøyrande Austistua på Mogstad.

1.1.1 Lok. 1. Austistua, Stortrøa

EU89, UTM-sone 33: nord 6999866, aust 188285

Areal: 5,5 daa

Verdi: Viktig – A.

Naturtype: Slåttemark 100 %.

Utforming: Svakt kalkrik eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-21) (80 %) og kalkrik fukteng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling (T32-C-10) (20 %).

Feltsjekk siste: 15.07.18 Åshild Hasvik og Finn Oldervik, samt 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrenningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 15.07 og 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar i Møre og Romsdal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i same fylket. Lokaliteten er tidlegare vitja av Ellen Svalheim 27.06.2018, som laga ei artsliste over artane i slåttemarka for grunneigar. Desse registreringane ligg ikkje i artskart.no, men er tekne med i vurderinga av lokaliteten. Lokalitetsomtalen er utarbeid i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2015), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg rett nord for elva Surna, på garden Austistua Mogstad (bruksnummer 58/7), i ein sørsvendt bakke rett ovanfor gardshusa. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnskart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som forvitringsmateriale (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPAR: Etter siste versjon av faktaark for slåttemark i DN Handbok 13 (Svalheim 2018) er lokaliteten å rekne som slåtteeng med NiN-utforminga ‘svakt kalkrik eng med svakt preg av gjødsling’ (T32-C-21). Det sildrar nokre bekkar ned gjennom enga, og areala i tilknyting til desse områda kan karakteriserast som ‘kalkrik fukteng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling’ (T32-C-10). Naturtypen slåttemark er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk truga (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Det vart i 2018 registrert ca. 90 planteartar i lokaliteten. Det kan her trekkjast fram dei noko kalkkrevjande artane dunhavre, dvergjamne, grov nattfiol, gulmaure og kvitmaure. Grov nattfiol er i følgje grunneigar, ein mengdeart i enga og det er svært vakkert

under bløminga, diverre var undersøkinga av enga gjort etter dette. Det er registrert til saman 19 tyngdepunktsartar for semi-naturleg eng på Stortrøa. Mellom anna blåklokke, gulaks, harerug, jonsokkoll, marinøkkel, prestekrage, prikkperikum, raudknapp, skogmarihand, smalkjempe, småengkall og takhaukeskjegg. Ved besøket i september vart det også registrert engvokssopp, gul vokssopp, papegøyevokssopp og raudnande lutvokssopp (VU), samt raudsporane flammeefotraudspore, silkeraudspore c.f. og stjernespora raudspore. Det er eit godt potensial for fleire sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp i enga. At slåtteenga er sørvendt tilseier at marka også har gode habitat- og næringsmoglegheiter for ulike insekt, mellom anna for pollinerande insekt.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har tradisjonelt vore skjøtta som slåttemark, men er også brukt som beiteområde for storfe. I dag vert bakken slegen, før den vert etterbeita av kalvar. Noverande grunneigarar fortel at besteforeldra gjødsla marka med naturgjødsel, og at det seinare, i løpet av 90-talet, også vart nytta noko kunstgjødsel, som blei kasta på for hand. På Austistua Mogstad vart garden frådelt hovudbruket i 1937 og Dordi og Jon Mogstad (besteforeldra til dagens grunneigarar) fekk sett opp hus her. Dei starta med mjølkeproduksjon med sju mjøkekryr, for det meste telemarksku. I tillegg hadde dei to purker, og eit ti-tals vinterfôra sau. Mjølkeproduksjonen, og såleis den fulle drifta av jorda, vart avslutta midt på 1970-talet. Etter at drifta tok slutt på 70-talet vart ikkje bakkane slått lengre, og dei grodde noko igjen i kantane. Ved tusenårsskifte starta dei med å opne Stortrøa, og slåtten tok til igjen. Då var marka gjerdar inn til sommarbeite for kalvar. Kalvar og kviger (NRF) gjekk her ein kort periode kvar sommar på beite, i 4-5 års tid først på 2000-talet. Så vart et opphold på 2-3 år utan beite før 2007, då noverande grunneigarar starta med kalvar (sida trønderfe) på sommarbeite og kvar sommar fram til i dag. Dei siste åra har kalvane vor på beite etter slått av Stortrøene og Pellen, slik at dei etterbeiter i slåttemarka, samt i den gamle kalvbeitet Kalvgeilen og i lauvskogen austover og utover til eigedomsgrensene.

FRAMANDE ARTAR: Ved den naturfaglege undersøkinga vart både hagelupin og kjempespringfrø registrerte, begge kategoriserte med svært høg risiko (SE) i framandart-lista.

SKJØTSEL OG OMSYN: Det er ønskeleg at den tradisjonelle bruken med sein slått og haustbeite held fram. Graset bør baketurkast i minst to dagar der det vendast ein gong eller to for å sikre at mogne frø får spreidd seg. Etter tørkinga bør graset rakast saman og fjernast. Etter slått er det ønskeleg med etterbeite for å halde vegetasjonen nede. Det er viktig at også kantonene skjøttast godt med slått og rydding av lauvoppslag. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfold må enga verken gjødsla, pløyast, sprøytast eller pussast med beitepussar. Ein kan også vurdere beiting om våren. Skjøtselen bør ta omsyn til insekt, og spesielt pollinerande insekt som ulike bier og blomsterfluer, sommarfuglar og biller. Dette gjerast mellom anna ved å la artsrike vegkantar og andre kantonar få stå til dei er avblomstra, og slå graset i enga om lag fem cm over bakken. Sein slått, gjerne i august/september om mogleg, er også positivt for diversitet av insekt. I tillegg er det tilrådeleg å variere slåttetidspunkt frå år til år. Då får ein tatt vare på seint blomstrande artar og insekt får tilgang til nektar og pollent ut sesongen.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP Lokaliteten ligg i eit område i Surnadal med fleire slåttemarkslokalitetar, og dette er ein av dei best bevarte av dei. Gardsbruksa på Mogstad utgjer eit heilskapleg kulturlandskap med mange lokalitetar og biologiske verdiar knytt til ulike naturtypar. På Austistua på Mogstad finns enda ei slåttemark, samt ein haustingsskog med fleire gamle, styva almetre og ei naturbeitemark. Fleire av dei største styvingstrea på garden står nær grensa for slåttemarka. I nærområdet finnes lokalitetar med død ved, noko som aukar habitatmoglegheitene for pollinerande insekt. På nabogarden finst fleire restaurerbare

slåttemarker og ei naturbeitemark. Det er også registrert nokre slåttemyrer eit stykke opp i lia tilhøyrande desse gardsbruka.

VERDIVURDERING Dette er ei relativt stor slåttemark med god variasjon mellom vegetasjonstypar, frå fuktige til tørre områder. Etter faktaark for slåttemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik, da den er over 1 daa (ca. 5,5 daa). Den oppnår middels vekt på grunntypevariasjon ettersom her er to kartleggingseiningar. Enga oppnår høg vekt på artsmangfald da det er registrert ein VU-art, og 19 tyngdepunktsartar for semi-naturleg eng, samt at her er vurdert å vera eit godt potensiale for fleire artar av raudlista beitemarksopp. Enga oppnår høg vekt på tilstand og påverknad da den er i aktiv bruk med sein slått og haustbeite, og er utan preg av gjengroing. At det er fleire verdifulle kulturtilknytte lokalitetar på garden og i nabølaget elles, samt nærleik til kroksjø/flaummarkskog og elvemiljø, er positivt for lokaliteten og fører til at lokaliteten oppnår høg verdi på landskapsøkologi. Til saman oppnår lokaliteten verdien svært viktig – A.



Figur 9: Stortrøa sett fra aust mot vest, ei flott slåttemark med mellom anna store mengder av indikatorartane småengkall og gulaks. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999864, E 188324. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 10: Biletet er tatt vest i slåttemarka og opp i bakken. I overkant av slåttemarka ser vi noko av ein haustingsskog, medan det til venstre i biletet også står ein av dei gamle styva almane på garden. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999840, E 188237. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.

1.1.2 Lok. 2. Austistua, Pellen

EU89, UTM-sone 33: nord 6999843, aust 188054

Areal: 2,9 daa

Verdi: Svært viktig – A.

Naturtype: Slåttemark 100 %.

Utforming: Svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C-20) (85 %) og kalkrik fukteng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling (T32-C-10) (15 %).

Feltsjekk siste: 15.07.18 Åshild Hasvik og Finn Oldervik, samt 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 15.07 og 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar i Møre og Romsdal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare vitja av Ellen Svalheim 27.06.2018, som laga i ei artsliste over artane i slåttemarka for grunneigar. Desse registreringane ligg ikkje i artskart.no, men er tekne med i vurderinga av lokaliteten. Lokalitetsomtalen er utarbeida i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2015), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiarar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg rett nord for elva Surna på garden Austistua (bruksnummer 58/7) på Mogstad, i eit område eit lite stykke nordvest for gardshusa. Slåttemarka heller mot sør-aust og er omkransa av blandingsskog. Det sildrar ein bekk gjennom lokaliteten, og gjennom den nordlege delen av lokaliteten går det ein gamal kjerreveg. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnkart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som forvitningsmateriale (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPAR: Etter siste versjon av faktaark for slåttemark i DN Handbok 13 (Svalheim 2015), er lokaliteten å rekne som slåtteeng med NiN-utforminga ‘svakt kalkrik eng med klart hevdpreg’ (T32-C-20). Det sildrar ein bekk ned gjennom enga, og areala i tilknyting til desse områda kan karakteriserast som ‘kalkrik fukteng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling’ (T32-C-10). Naturtypen slåttemark er ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk truga (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Det vart i 2018 registrert ca. 90 planteartar innan lokaliteten. Det kan her trekkjast fram dei noko kalkrevjande artane dunhavre, dvergjamne, grov nattfiol, gulmaure og kvitmaure. Her er registrert til saman 19 tyngdepunktsartar for semi-naturleg eng, mellom anna blåklokke, gulaks, harerug, jonsokkoll, marinøkkel, prestekrage, prikkperikum, raudknapp, skogmarihand, smalkjempe, småengkall og takhaukeskjegg. Ved besøket i september vart det også funne engvokssopp og raudnade lutvokssopp (VU). Enga har også eit godt potensial for fleire sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp. At lokaliteten er sør vendt

tilseier at enga også har gode habitat- og næringsmoglegheiter for ulike insekt, mellom anna for pollinerande insekt. Det er også svært positivt for artsmangfaldet at det renn ein bekk gjennom lokaliteten. Her finnes yngleplassar for mange insekt, samt biotopar for amfibiedyr. I øvre del av slåttemarka veks ei styva alm (VU) (GPS UTM 32: E: 491719, N: 6984911). Alma er innhol, men utan vedmold. Omkrinsen er om lag 180 cm, og det er registrert almeteppemose og bleikdoggnål (NT) på barken.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har tradisjonelt vore skjøtta som slåttemark, men austre del var tidlegare beitemark som vart rydda for stein for om lag to generasjoner sidan, slik at område kunne nyttast som slåttemark. Delar av området har vore i gjenvektsuksjon, men grunneigarane har opna opp rundt slåttemarka og slått den på tradisjonelt vis og hesja frå 2008. Dette har dei planer om å halda fram med, og no vert marka slått på seinsumaren, før den vert etterbeita av kalvar. Dagens grunneigarar fortel at beste-foreldra gjødsla marka med naturgjødsel, og at det seinare, i løpet av 90-talet, også vert tatt i bruk noko kunstgjødsel som vart kasta på for hand. Det store almetreet i øvre delar av lokaliteten har vore styva i løpet av dei siste 10 åra.

FRAMANDE ARTAR: Ingen framande artar er registrert.

SKJØTSEL OG OMSYN: Det er ønskeleg at den tradisjonelle bruken med sein slått og haustbeite held fram. Graset bør bakketørkast i minst to dagar, samt vendast ein gong eller to for å sikre at plantane får frødd seg. Etter tørking bør graset rakast saman og fjernast. Etter slått er det ønskeleg med etterbeite for å halde vegetasjonen nede. Det er viktig at også kantsonene skjøttast godt med slått og rydding av lauvoppslag. Det veks nokre høge artar i utkanten av lokaliteten, for eksempel er det mykje lyssiv og mjødurt i austre del av enga. For å bli kvitt lyssivet kan desse områda med fordel slås to gonger i løpet av sumaren. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfold må enga verken gjødsla, pløyast, sprøyta eller pussast med beitepussar. Det kan også vurderast om det er ønskeleg med beite på våren fram til byrjinga av juni. Skjøtselen bør ta omsyn til insekt, og spesielt pollinerande insekt som ulike bier og blomsterfluer, sommarfuglar og biller. Dette gjerast mellom anna ved å behalde artsrike vegkantar og andre kantsoner og slå graset om lag 5 cm over bakken. Sein slått, gjerne i august/september om mogleg, er også positivt for diversitet av insekt. I tillegg kan det vera lurt å variere slåttetidspunkt frå år til år. Då får ein tatt vare på seint blomstrande artar og insekt får tilgang til nektar og pollent ut sesongen.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP Lokaliteten er ein del av kulturlandskapet på Mogstad-gardane, eit heilsakleg kulturlandskap med mange lokalitar og store biologiske verdiar knytt til ulike naturtypar. På Austistua finnes enda ei slåttemark, naturbeitemark og haustingskog med fleire gamle styva almetre. I nærområdet finnes lokalitar med ein del død ved, noko som aukar habitatmoglegheitene for pollinerande insekt. På nabogarden finst fleire restaurerbare slåttemarker, samt naturbeitemark. Det er også registrert nokre slåttemyrer eit stykke opp i lia tilhøyrande desse gardsbruka.

VERDIVURDERING Dette er ei slåttemark med god variasjon mellom vegetasjonstypar, frå fuktige til tørre områder. Etter faktaark for slåttemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik, då den er over 1 daa (ca. 2,9 daa). Den oppnår middels vekt på grunntypevariasjon ettersom her er to kartleggingseiningar. For artsmangfold vurderer vi at enga har høg vekt då det er registrert raudnande lutvokssopp (VU), og 19 tyngdepunktsartar for semi-naturlig eng, samt at den har eit godt potensiale for fleire sjeldne og raudlista beitemarksopp. Den styva alma er også med å dra opp verdien, særleg då den har førekommstar

av den raudlista arten bleikdoggnål (NT). Enga oppnår elles høg vekt på tilstand og påverknad da den er i aktiv bruk med sein slått og haustbeite. At det er fleire verdifulle kulturmarklokalitetar på garden og i nabolaget elles, samt nærleik til kroksjø/flaummarkskog og elvemiljø, er positivt for lokaliteten og fører til at lokaliteten oppnår høg verdi på landskapsøkologi. Til saman oppnår lokaliteten verdien svært viktig – A.



Figur 11: Biletet er tatt vest i slåttemarka mot aust. Til venstre i biletet står også ein av dei gamle styva almane på garden. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999860, E 188052. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 12: Figur 15: Raudnande lutvokssopp funne i slåttemarka Pellen. Foto: Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS © 13.09.2018.



Figur 13: Bildet er tatt om lag midt i lokaliteten og nordover. Til venstre i biletet ser vi ei gammal styva alm. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999839, E 188072. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 14: Pellen etter slåtten, fotografen har stått om lag midt i slåttemarka og biletet er tatt sørover. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999846, E 188066. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.

1.1.3 Lok. 3. Austistua, Litjeslettløa

EU89, UTM-sone 33: nord 7001402, aust 189410

Areal: 1 daa

Verdi: Svært viktig – A.

Naturtype: Slåttemyr 70 %, slåttemark 30 %.

Utforming: Rik slåttemyr (70%), intermediær eng med mindre hevdpreg (30%)

Feltsjekk siste: 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar i Møre og Romsdal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting følgjer DN-handbok 13 sine reviderte faktaark frå hausten 2014/vinter 2015, og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg ca. 2 km nordvest for garden Austistua (bruksnummer 58/7) på Mogstad i Surnadal i området nedanfor fjellområdet Langura på om lag 350 m.o.h. Rett vest for lokaliteten renn ei lita elv frå Mogstadsetrin, som lengre ned i dalen koplar seg på elva Brøskjåa. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). På bergrunnskart over området i skala 1:250 000 er lokaliteten i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane i området består, i tillegg til torv og myr, av eit tynt humusdekke over berggrunnen (ngu.no/kart/losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Etter siste versjon av faktaark i DN Handbok 13, er lokaliteten å rekne som 70 prosent slåttemyr av utforminga rik slåttemyr, og 30 % slåttemark. NiN-utforming er 'kalkrik semi-naturleg myr med myrkantpreg' (MF·cd) (V9-C-3) og 'intermediær eng med mindre hevdpreg' (T32-C3). Lokaliteten har slåttepreg (SP·a). Etter samtale med grunneigarar er det klart at området er brukt til slått, i tillegg står det ei gamal høyløe i nedkant av lokaliteten. Det er eit relativt klart skilje mellom intermediær eng og rikt myrareal. Det kjem truleg av at slåttemyra får næringstilførsel frå ein bekk som sildrar gjennom området. Både naturtypane er utvalde typar etter naturmangfaldlova. I norsk raudliste for naturtypar frå 2018 er slåttemyr vurdert som sterkt truga (EN), medan slåttemark er vurdert som kritisk truga (CR).

ARTSMANGFOLD: Det vart i 2018 registrert litt over 40 artar av karplantar og 7 moseartar. Av desse kan her trekkjast fram, dei noko kalkrevjande artane bjørnebrodd, breimyrull, brudespore, dvergjamne, fjelltistel, gulstorr, svarttopp og sveltull. Av mosar kan det trekkjast fram feittmose, myrstjernemose og raudmakkmos, samt rosetorvmose som var mengdeart i myrdelen av området. Artar som gulaks, harerug og jonsokkoll i kantsoner vitnar om tidlegare kulturpåverknad. Av treslag er her mest bjørk og gråor. På dei lafta veggane på høyløa i nerkant av lokaliteten vart det registrert grøn sotnål og den raudlista arten gråsotbeger (VU), samt ubestemt(e) art(ar) av lavslekta *Chaenothecopsis*. Det er eit visst potensiale for fleire sjeldne og raudlista lavartar på tømmerveggane på løa.


BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har tradisjonelt vore skjøtta med slått, men denne bruken av utmarksressursar tok slutt for minst eit par generasjonar sidan i området. Noverande grunneigarar har tatt opp slåtten igjen, og ynskjer å halda lokaliteten i hevd framover. Slik kan også den nyrestaurerte høybua koma til nytte igjen.

FRAMANDE ARTAR: Ingen framande artar er registrerte.

SKJØTSEL OG OMSYN: Naturverdiane er avhengig av at det ikkje vert gjort fysiske inngrep i lokaliteten. Det beste for slåttemyra er at den tradisjonelle slåtten held fram, og at skjøtselen av slåttemyra er så lik den tidlegare bruken som mogleg. Det varierer kor hyppig det er naudsynt med slått i myrområde. Om slåtten har opphøyd i lengre tid kan det i startfasen vere naudsynt å slå ein gong i året til produksjonen i feltsjiktet stabiliserer seg. Når dette har skjedd bør det vurderast kor ofte slått er naudsynt, noko som vil variere frå kvart tredje til kvart tiande år. Om det finnes kunnskap om kor hyppig det tradisjonelt vart slått, er dette eit godt mål å leggje seg på. Etter slått kan graset tørkast på bakken, slik at mogne frø frå plantene vert frigjort. Etterpå må avlinga fjernast frå slåttemyra og gjerne plasserast i høyløa. For å unngå oppgjødsling av myra, samt unngå endra veksttilhøve for mosar og mindre karplanter er det viktig at avlinga vert fjerna. Det er ein del gråor i øvre del av lokaliteten og dette treslaget kan ein oftast bli kvitt med rundborking, før dei får stå å rotne på rot. På den måten unngår ein oppslag av rotskot. Spesielt bør øvre delar av lokaliteten opnast opp. I vest er det nokre vierkratt som bør fjernast. Det er viktig at kantsonene skjøttast godt slik at området ikkje gror att. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfald må lokaliteten ikkje gjødslast eller jordbearbeidast på nokon måte. Det er viktig å bevare løa, både som eit viktig kulturminne i tilknyting til slåttemyra, men også som habitat for ein raudlista lav. På slike gamle tømmerveggjar er det gjerne også eit brukbart potensial for fleire artar som trives i slike habitat, og ein tenker da særskild på førekommst av fleire knappenålslav. Det er difor viktig at veggane i løa ikkje vert skifta ut.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP Lokaliteten ligg delvis innanføre avgrensinga til ein registrert edellauvskog som har sin nord-austre grense om lag ved slåttemyra. Skogen fortsett vestover i lia. I nærleiken er det også registrert ei slåttemyr på nye Nistusetra, ca. 700 meter nordvest for Litjeslettløa. Til gardane på Mogstad nede i Surnadal ligg det fleire lokalitetar med slåttemark, haustingsskog med fleire gamle styva almetre og naturbeitemark. I Surnadal kommune er det registrert totalt ni lokalitetar med slåtte- og beitemyr. Nokre av desse lokalitetane er tilknytt Tågdalen naturreservat i Surnadal, eit området som er verna for å ta vare på eit verdifullt myrområde inkludert noko slåttemyr, desse områda vert framleis slått på tradisjonell måte, noko som er svært sjeldsynt i Noreg i dag.

VERDIVURDERING Etter faktaark for slåttemyr frå 2015, oppnår lokaliteten låg vekt på storleik (1 daa), middels vekt på artsmangfald (rikmyr med 14 tyngdepunktsartar frå gruppe 6-9 i tabell 1 i faktaarket for slåttemyr). Middels vekt på tilstand då lokaliteten bærer preg av langvarig hevd med slått, at skjøtselen er satt i gang igjen trekkjer tilstanden opp. Høg vekt på landskapsøkologi - lokal førekommst (slåttemyr i hevd er sjeldsynt i regionen), og middels vekt for landskapsøkologi - heilskapleg kulturlandskap - ut frå at også ei anna slåttemyr i hevd ligg i nærleiken til lokaliteten, samt fleire semi-naturlege naturtypar knytt til gardane på Mogstad. I følgje verdimatrissa i faktaarket for slåttemyr skal lokalitetar som er halde i hevd som slåttemyr og beitemyr, og har høgt artsmangfald eller inngår i eit heilskapleg kulturlandskap vurderast som svært viktig -A. Noko som verkar rimeleg for denne lokaliteten då her er eit relativt stort artsmangfald, samt ein raudlista lavart på løa.



Figur 15: Karta viser Litjeslettløas avgrensning. Her ser vi også allereie registrerte naturtypar i naturbase. Kartet er utarbeida i Q-GIS med kartgrunnlag og ortofoto © frå Kartverket og Norge Digitalt.



Figur 16: Dette biletet av Litjeslettløa er tatt oppe i bakken og ned mot den gamle høyløa. Som ein ser er taket på denne løa tekt med stein, noko som har vore svært uvanleg i Surnadalen. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 7001416, E 189419. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.



Figur 17: Slåttemyra Litjeslettløa etter slåtten 2018. Foto: Trygve Megaard © 15.10.2018.

1.1.4 Lok. 4. Austistua, Kalvgeilen

EU89, UTM-sone 33: nord 6999868, aust 188144

Areal: 6,6 daa

Verdi: Lokalt viktig – C.

Naturtype: Naturbeitemark 100 %.

Utforming: Intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4) utan slåttemarkspreg (SP·0).

Feltsjekk siste: 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var kartlegging av naturtypar tilhøyrande to bruk på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalen er utarbeidd i tråd med nyaste versjon av faktaark i DN-handbok 13, og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015, og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018. Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg rett nord for elva Surna, på bruket Austistua (bruksnummer 58/7), i ei sørvendt li nord-vest for gardshusa. I aust grenser lokaliteten mot haustingsskog og slåttemark, i vest mot slåttemark. Grensa mot haustingsskogen er diffus på grunn av at her veks tett med unge tre. Det går ein gamal kjerreveg ovanfor lokaliteten. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnskart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som hav- og fjordavsetningar og forvitningsmateriale (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Av flyfoto frå 1963 ser det ut til at lokaliteten var ei opa beitemark. Sidan då har området grodd igjen med lauvtre, og framstår i dag som lauvskog med eit gras- og urterikt feltsjikt. Lokaliteten blir brattare mot aust, samtidig som feltsjiktet blir meir sparsamt. Området er i gjengroing av mellom anna hasselkratt, bjørk, selje, samt kratt av bjørnebær. Området er kartlagt som naturbeitemark, slik denne typen er skildra i siste versjon av faktaark i DN-handbok 13 (Bratli 2015, oppdatert 2018). Etter NiN-systemet er lokaliteten kategorisert som ‘intermediær eng med klart hevdpreg’ (T32-C-4) utan slåttemarkspreg (SP·0). Under parameteren rask gjenvekstsuksesjon i semi-naturleg eng vurderast lokaliteten å vere i tidleg gjenvekstsuksesjonsfase (3), då arealet framleis har ei artsamansetting i feltsjiktet som er meir lik areal i aktiv bruk enn i ettersuksesjonstilstanden. Naturtypen naturbeitemark er omfatta av semi-naturleg eng som er vurdert som sårbar (VU) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Det vart ved synfaringa i 2018 registrert i underkant av 30 karplanteartar innan lokaliteten, mellom anna bjørnebær, blåkoll, enghumleblom, grov nattfiol, kvitmaure, lækjeveronika, markjordbær, mjødurt, nyseryllik, skogsivaks, skogstorkenebb, smalkjempe, sølvbunke og teiebær. Av dei registrerte artane er det berre grov nattfiol, kvitmaure og smalkjempe som er tyngdepunktsartar for semi-naturleg eng. Dominerande treslag i området er bjørk, hassel og selje. Det er registrert fleire ulike beitemarksopp i dei nærliggjande slåtte-

markene, mellom anna den raudlista arten raudnande lutvokssopp (VU). Det er difor truleg eit visst potensial for beitemarksopp i lokaliteten.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten er beitemark som har grodd igjen med lauvskog. Det er ikkje gjort synlege inngrep av særleg grad i lokaliteten, noko som gjer at restaureringspotensialet er godt. Kalveilen har tradisjonelt vore bruka som beiteområde og til å hente ut ved med plukk- og ryddingshogst. Det var for det meste kalvar frå nabogarden som gjekk på beite her, men sauene i Austistua beita nok også litt i området på våren. Om våren vart dei sleppt ut og beitte seg oppover heimebakkane før dei drog vidare til skogs. Grunneigarar er ikkje heilt sikre på når beitet opphøyra, men det var truleg rundt 1960. Midt på 1950-talet vart ytre del av området heilt rydda for skog for å gjere området endå meir eigna til beite. Lokaliteten har aldri vore gjødsla med kunstgjødsel. Grunneigar har begynt å rydde fram området, og har planar om å bruke beitemarka igjen.

FRAMANDE ARTAR: Det er ikkje registrert nokon framande artar i lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: Ifølge faktaarket for naturbeitemark bør skjøtsel setjast i gang på lokalitetar som kan restaurerast, og der det er dokumentert høge naturverdiar. Det beste er å skjøtte området på tradisjonelt vis. Skal beite setjast i gang igjen bør det gjerast ein vurdering på kor mange beitedyr og kva for dyreslag som er høveleg, samt tidspunkt for beite. Området må ikkje gjødsla, sprøytast eller jordbearbeidast og ein bør unngå å tilleggsføre om det er mogleg. Saltstein bør ikkje settast fram. Ved restaurering bør ungskog ryddast gradvis for å unngå erosjon i dei bratte partia, og store areal med ope jord der framande artar kan etablere seg. Kapp og anna avfall må fjernast frå lokaliteten slik at det ikkje bidrar med gjødsling når det brytast ned.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: Lokaliteten er ein del av kulturlandskapet på Mogstadgardane, eit heilskapleg kulturlandskap med mange lokalitetar og biologiske verdiar knytt til ulike naturtypar. På Austistua finnes to slåttemarkslokalitetar, samt haustingskog og fleire gamle styva almetre. I nærområdet finst lokalitetar med ein del død ved, noko som aukar habitatmoglegheitene for pollinerande insekt. På nabogarden finst fleire restaurerbare slåttemarker, samt naturbeitemark. Det er også registrert nokre slåttemyrer eit stykke opp i lia tilhøyrande desse gardsbruka.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for naturbeitemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (6,6 daa). Låg vekt på artsmangfald og raudlisteartar då det berre er registrert tre tyngdepunktarter for semi-naturleg eng, og ingen raudlista arter. At her er eit potensiale for beitemarksopp trekker verdien noko opp. Tilstand og påverknad vert sett til lågt då området er i gjengroing (7RA-SJ 3) og tradisjonell skjøtsel har opphøyd. Nærleik til fleire kulturtilknytte naturtypar på garden, og i området, er også med å trekke opp verdien slik at lokaliteten oppnår terskelverdien og verdsetjast som lokalt viktig – C, på tross av eit lågt artsmangfald. At grunneigar har sett i gang restaurering og vil ha beitedyr i lokaliteten er også positivt. Etter restaurering og nokre år med beite vil verdien truleg auke.



Figur 18: Vestlege del av Kalvgeilen. Vi ser slåttemarka Pellen i bakgrunn av biletet. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999877, E 188139. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.



Figur 19: Naturbeitemarka på Kalvgeilen. Foto: Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS © 13.09.2018.

1.1.5 Lok. 5. Austistua, Haustingsskog

EU89, UTM-sone 33: nord 6999893, aust 188271

Areal: 9,7 daa.

Verdi: Svært viktig – A.

Naturtype: Haustingsskog 100 %.

Utforming: Rik haustingsskog med styva edellauvtre

Feltsjekk siste: 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var kartlegging av naturtypar tilhøyrande gardane på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalen er utarbeida i tråd med nyaste versjon av faktaark i DN-handbok 13, og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg rett nord for elva Surna, på garden Austistua (bruksnummer 58/7), i ei sørsvendt li rett ovanfor husa og slåttemarka på garden. I vest går naturtypen over i naturbeitemark, Grensa mot naturbeitemarka er diffus på grunn av at her veks tett med unge tre. Området ligg i sørboREAL vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnskart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som hav- og fjordavsetningar (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Lokaliteten er partivis svært bratt med aukande grad av grovsteina mark og ur. Her er fleire styva almetre, samt mykje hassel og noko selje. Her er også ein del liggande og ståande død ved. Noko av dødveden består av gamle styvingstre av alm. Feltsjiktet er sparsamt, spesielt i aust der det er mykje steinur. Naturtypen er vurdert som haustingsskog av utforminga rik haustingsskog med styva edellauvtre, slik denne typen er skildra i siste versjon av faktaark i DN-handbok 13 (Norderhaug 2015). Etter NiN-systemet er lokaliteten mest å rekne som 'høgstaudeskog', men sidan feltsjikt er sparsamt er dette noko usikkert. Lokaliteten har rikeleg førekommst av styvingstre (KS-8). Feltsjiktsdekninga er under 50 %. Då den naturfaglege undersøkinga vart gjort på hausten, har vi ikkje kunnskap om våraspektet i lokaliteten. Naturtypen haustingsskog er ein prioritert naturtype etter DN-handbok 13, og er av Fremstad & Moen (2001) vurdert som sterkt truga.

ARTSMANGFALD: Det vart ved synfaringa i 2018 registrert i underkant av 20 karplantar i lokalitetten, mellom anna bakkesoleie, borre, bringebær, enghumleblom, hengjeveng, krossved, kranskonvall, kvitveis, lodneperikum, markjordbær, mjødurt, myske, raud jonsokblom, skogburkne, skogsvinerot, stornesle, strutseveng, trollbær, trollurt, tyrihjelm og vendelrot. Dominerande treslag i området er hassel og alm (VU), samt bjørk, gråor og selje. Det står fleire gamle styvingstre av alm i lokalitetten. Fleire av desse har eit interessant artsmangfold med mellom anna fleire raudlista artar; almekolsopp c.f. (NT), almelav (NT), almeteppemose, barkravnlav, bleikdoggnål (NT), blådoggnål (VU), buskhinnelav, gulband,

kolsopp sp., matt alvelav og morbærkjernesopp. Det finst også nokre gamle almelæger her, og ein reknar med at det er eit visst potensiale for vedbuande sopp knytt til gamal alm. Tradisjonelle haustingsskogar er også kjent for å ha eit rikt mangfald av insekt, samt eit rikt fugle- og dyreliv.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Ved besøket i 2018 vart det registrert fire styva almetre i lokaliteten. Alm 1 (GPS UTM 33 E 188242, N 6999872): omkrins er 290 cm, innhol med over 1 l vedmold, denne alma vart pila i 2007 for første gong etter 20-40 år. Alm 2 (GPS UTM 33 E 188206, N 6999864): diameter 70 cm, ikkje innhol. Alm 3 (GPS UTM 33 E 188227, N 6999865): omkrins 270 cm, innhol med ca. 1 l vedmold. Alm 4 (GPS UTM 33 E 188231, N 6999878): 40 cm i diameter, innhol heilt ned med litt vedmold. Det er nokre år sidan trea har vorte styva, men grunneigar har planer om å sette i gang med lauving og styving av tre, samt restaurere nokre av dei gamle, styva almetrea. Lokaliteten er elles ganske tett med ungtre som skuggar for dei styva trea og artane som veks på desse. Skjøtselstiltak vil være naudsynt for artsmangfaldet tilknytt dei styva almetrea som er her i dag, og for å opprette nye habitat artane kan spreie seg til.

FRAMANDE ARTAR: Ingen registrerte framande artar i lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: For å oppretthalde verdiane i haustingsskogen bør skjøtsel utvidast. Den beste form for skjøtsel er å halde lokaliteten i hevd på same vis som då det vart hausta fortiskot til husdyra her. Det er viktig å halde trekronene til styvingstrea relativt små, altså bør desse haustast og tynnast med regelmessige mellomrom. Samtidig er det viktig å tynne dei yngre trea slik at skogen får ein meir lysopen karakter. Kapp og anna avfall må fjernast frå lokaliteten slik at det ikkje bidrar med gjødsling. Frametter er det viktig å rekruttere nye styvingstre slik at habitatet blir vidareført. Generelt sett bør styvingstre haustast kvart 5. til 10. år (eller etter dei tradisjonelle hevdregima). Når trea vert skorne ned bør ein kappe greinene rett ovanfor den førre styvinga slik at ein kjem inn på frisk ved. Ein må ta omsyn til epifyttiske artar på dei gamle almetrea når ein set i gang med skjøtsel og eventuell restaurering. For gamle styvingstre må ein vurdere om trea bør restaurerast eller ikkje, dette må vurderast nøyde då det er usikkert om dei toler det. Det trengs ei vurdering på om det beste for trea er å la dei gamle stå urørt, og heller satse på å forme nye, unge styvingstre. Ved skjøtselen er det viktig å velje ut kva for tre ein satsar på, og halde andre tre nede slik at det ikkje blir for tett.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: På gardane på Mogstad er det registrert to slåttemarker med A-verdi, samt fleire gamle styva almetre med raudlista epifyttiske artar knytt til seg, og slåttemark og beitemark med restaureringspotensial. Gardane på Mogstad framstår som eit heilskapleg kulturlandskap.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for haustingsskog frå november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (9,7 daa), og høg vekt på artsmangfald då det er fleire almetre som har grov sprekkebark, samt tre registrerte NT-artar og ein registrert VU-art. Haustingsskogen får høg vekt på tilstand då her er førekomst av store gamle styvingstre som lar seg restaurere, samt moglegheit for å skjøtte lokaliteten som haustingsskog. At lokaliteten har grodd igjen med yngre tre, er med å trekke verdien noko ned. Lokaliteten får god vekt for påverknad då området til dels har vore skjøtta, og seinast hausta for mindre enn 15 år sidan. Videre får lokaliteten høg vekt på landskapsøkologi/natursystemkompleks då det er under 0,5 km til nærmeste lokalitet med store gamle tre, samt at lokaliteten ligg i eit tradisjonelt gardslandskap med verdifulle naturtypar. Til saman oppnår lokaliteten verdien; svært viktig – A. At

grunneigar er svært interessert i å ta opp igjen tradisjonell skjøtsel er med å underbygge verdisettinga.



Figur 20: Bilete av haustingsskogen, ein ser at lokaliteten er bratt og at feltsjiktet er svært sparsamt. Foto: Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS © 13.09.2018.



Figur 21: Biletet viser eit av dei styva almetrea i nedre del av lokaliteten. Slåttemarka Stortrøa kan sjåast i

venstre del av biletet. GPS-koordinat UTM-sone 33: E 188242 N 6999872. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.

1.2 Utistua, Mogstad

Under følger lokalitetsskildringar for seks lokalitetar tilhøyrande Utistua på Mogstad.

1.2.1 Lok. 6. Utistua, Sommarfjøstrøa

EU89, UTM-sone 33: nord 6999689, aust 186935

Areal: 3,8 daa

Verdi: Viktig – B.

Naturtype: Slåttemark 100 %.

Utföring: Eng-aktig oppdyrka mark (T41-C-1) (70%) og svakt kalkrik eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-21) (30%).

Feltsjekk siste: 15.07.18 Åshild Hasvik og Finn Oldervik, samt 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 15.07 og 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar tilhøyrande gardane på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalen er utarbeida i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2015), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al. 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjon.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart. Registreringar i artskart.no er tatt med i verdivurderinga (artskart.artsdatabanken.no 10.01.19).

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg rett nord for elva Surna, på garden Utistua (bruksnummer 58/6) på Mogstad. Slåtteenga ligg i ein søraust-vendt bakke nord-vest for garden. Av flyfoto frå 1963 ser ein at Sommarfjøstrøa og områda i sør, Rishaugen, var eit stort samanhengande areal som også strakk seg heilt ned til garden. Mellom desse har det sidan då grodd igjen med lauvtre. Ovanfor enga går ein traktorveg, her er det også ein liten steingard. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnkart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som hav- og fjordavsetningar (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFÖRINGER OG VEGETASJONSTYPAR: Lokaliteten er gjødsla og jordbearbeida, slik at den etter siste versjon (frå 2018) av faktaark for slåttemark i DN Handbok 13 (Svalheim 2015), er å rekne som slåtteeng med eit godt restaureringspotensial. Etter NiN-systemet er sjølve enga kategorisert som 'eng-aktig oppdyrka mark' (T41-C-1), medan kantsonene er vurdert som 'svakt kalkrik eng med svakt preg av gjødsling' (T32-C-21). Artsmangfaldet i enga tilseier at tradisjonell slåtteskjøtsel over tid vil føre til at området vil tilbakeførast til slåttemark. Naturtypen slåttemark er ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk truga (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Det vart i 2018 registrert i underkant av 40 karplanteartar i lokaliteten, sju av desse er tyngdepunktartar for semi-naturleg eng; aurikkelsveve, blåklokke, grov nattfiol, gulaks, kvitmaure, smalkjempe og småengkall. Av sopp er det registrert engvokssopp, grå vokssopp, honningvokssopp, luthette, lutvokssopp (NT), småkøllesopp sp., samt nokre få artar av raudsporesoppar (*Entoloma*) og grynhattar. Enga, og då særleg utkantane av enga, har eit godt potensiale for fleire soppartar. At lokaliteten er sørverndt tilseier at enga også har gode habitat- og næringsmoglegheiter for ulike insekt, mellom anna for pollinerande insekt.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har tradisjonelt vore skjøtta som slåttemark fram til midten av 70-talet. Det vart ikkje beita her i perioden frå 1996 til 2012, men det vart bruka beitepussar i lokaliteten i åra frå 2008 til 2012. Området har ikkje vore pløgd. I seinare tid vart enga gjødsla i åra frå 2011 til 2016 og beita med sau i to år frå 2014 til 2016. Denne bruken har ført til at det største mangfaldet av artar i hovudsak veks i utkanten av enga og i kantonene elles. Det er helst der det hamnar minst gjødsel. Det verkar til at dei nedre partia er dei best bevarte, blant anna med mykje gulaks. Elles er rylik ein mengdeart i store delar av enga. Store populasjonar av denne arten kan indikere ein suksesjonsfase frå oppdyrka, gjødsla eng og tilbake til tidlegare jordbruksmark med ekstensiv hevd. Grunneigar har planar om å skjøtte enga på tradisjonelt vis.

FRAMANDE ARTAR: Det er ikkje registrert framande artar i lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: Det er ønskeleg at tradisjonell skjøtsel med sein slått og haustbeite tas opp igjen. For at plantane skal rekke å utvikle mogne frø bør slåtten ikkje gjennomførast før etter 20. juli, eller på tradisjonelt slåttetidspunkt på garden om det er kjent. Graset i kantonene (skråningane) bør slåast med ljå, medan resten av arealet kan slåast med tohjuls slåmaskin eller ein lett traktor. Graset bør bakketørkast i minst to dagar, og i løpet av denne tida bør det vendast ein gong eller to for å sikre at mogne frø fell av og får spreidd seg. Det er ei ujamn fordeling av artar i enga, og fleire tyngdepunktartar for semi-naturleg eng finst i utkanten av enga, spesielt i nedre deler. For å spreie frø frå plantane i nedre del av området bør noko av graset her rakast opp og fordelast i øvre delar av enga for frøspreiing. Spesielt er det eit godt artsmangfold i skråninga mot aust. Etter tørking skal graset rakast saman og fjernast. Etter slått er det ønskeleg med etterbeite for å halde vegetasjonen nede. Ein kan også vurdere beiting om våren, men ikkje etter 1. juni. Det er viktig at også kantonene skjøttast godt med slått og rydding av eventuelle lauvoppslag. Det er i nokre områder ein del einstape. Denne arten bør haldast frå å spreie seg inn i enga ved slått ein til to gonger i løpet av sumaren. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfold må enga verken gjødsla, pløyast, sprøytast eller pussast med beitepussar. Steingarden øvst i enga bør takast vare på, då den mellom anna er eit viktig habitat for insekt og virveldyr. Skjøtselen bør også ta omsyn til insekt, og spesielt pollinerande insekt som ulike bier og blomsterfluer, sommarfuglar og biller. Dette gjerast mellom anna ved å behalde artsrike vegkantar og andre kantonar og slå graset om lag 5 cm over bakken. Sein slått, gjerne i august/september om mogleg, er også positivt for diversitet av insekt. I tillegg er det tilrådeleg å variere slåttetidspunkt frå år til år. Då får ein tatt vare på seint blomstrande artar og insekt får tilgang til nektar og pollen ut sesongen.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: På garden på Utistua er det fleire liknande lokalitetar med restaureringspotensial. I tillegg er det på nabogarden registrert to slåttemarker med verdi A. Under kartlegginga på Mogstad vart det også registrert naturbeitemark og haustingsskog med fleire gamle styva almetre. I nærområdet finnes lokalitetar med en del død ved, noko som aukar habitatmoglegheitene for pollinerande insekt. Det er også registrert nokre slåttemyrer eit stykke opp i lia, tilhøyrande desse gardsbruks. Eigaren av dette bruket på Mogstad har elles

planar om å gjenskapa heile det gamle kulturlandskapet på garden sin – ein tanke vi har stor sans for.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for slåttemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (3,8 daa), og låg vekt på grunntypevariasjon (ein kartleggingseining av semi-naturleg art). Vidare oppnår enga låg vekt på artsmangfald då det berre er registrert sju tyngdepunktsartar for semi-naturleg eng, samt ein raudlista beitemarksopp (NT), her er eit visst potensiale for fleire raudlista og sjeldne artar av beitemarksopp. Enga oppnår middels vekt på tilstand og påverknad då det er lite gjengroingspreg, samt tidlegare oppdyrka eng, men med spreidde førekommstar av slåttefavoriserte artar, og slik sett eit godt restaureringspotensial. At det er fleire verdifulle kulturmarklokalitetar både på denne garden og på nabogarden, samt nærleiken til kroksjø/-flaummarkskog og elvemiljø, er positivt for lokaliteten og fører til at lokaliteten oppnår høg verdi på landskapsøkologi. Til saman oppnår lokaliteten verdien; viktig – B. Verdien er noko svak, men at grunneigar er svært interessert i å ta opp igjen tradisjonell skjøtsel er med å styrke verdisetjinga.



Figur 22: Lokaliteten sett frå vest mot aust. GPS-koordinat UTM-sone 33: E 186911 N 6999692. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 23: Honningvokssopp i nedre del av Sommarfjøstrøa. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.

1.2.2 Lok. 7. Utistua, Arntrøa

EU89, UTM-sone 33: nord 7000041, aust 187688

Areal: 3,9 daa

Verdi: Lokalt viktig – C.

Naturtype: Slåttemark 100 %.

Utforming: Eng-aktig oppdyrka mark (T41-C-1) (60%) og intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6) (40%).

Feltsjekk siste: 15.07.18 Åshild Hasvik og Finn Oldervik, samt 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 15.07 og 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar tilhøyrande to av bruka på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalen er utarbeida i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2015), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015, og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018. Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten tilhøyrar garden Mogstad (bruksnummer 58/6), og ligg eit lite stykke opp i lia frå Høgberget, og busetnaden på Mogstad som ligg langs elva Surna i Surnadal kommune. Området ligg sør-vest for Blomøytrøa, som også er registrert som restaurerbar slåtteeng. Desse lokalitetane var tidlegare ein del av eit større samanhengande jordbruksområde som over tid har vorte skild av krattskog. Slåttemarka er eksponert mot sør-vest, og grenser til krattskog og elva Brøskjåa i aust og intensivt oppdyrka eng i nord og sør. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnkart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som hav- og fjordavsetningar (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPAR: Lokaliteten er gjødsla og jordarbeida, slik at den etter siste versjon av faktaark for slåttemark i DN Handbok 13 (Svalheim 2015), er å rekne som slåtteeng med restaureringspotensial. Etter NiN-systemet er enga kategorisert som 'eng-aktig oppdyrka mark' (T41-C-1), medan kantane er vurdert å vere 'intermediær eng med svakt preg av gjødsling' (T32-C-6). Enga er større en den avgrensa lokaliteten, men dei resterande områda er for påverka av intensiv bruk til at dei kan kartleggjast i denne omgang. Artsmangfaldet i enga tilseier at tradisjonell slåtteskjøtsel over tid kan føre til at området etter kvart vil tilbakeførast til slåttemark. Naturtypen slåttemark er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk truga (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Artsmangfaldet ber preg av at lokaliteten har vore oppgjødsela, jordarbeida og planert, difor er det også kantareaala som har høgast artsmanfald. I 2018 vart det registrert i overkant av 30 karplantar i lokaliteten. Ti av desse er tyngdepunktsartar for semi-naturleg eng, det er; blåklokke, dunkjempe, grov nattfiol, gulaks, kattefot, prestekrage, raudknapp,

smalkjempe, småengkall og takhaukeskjegg. Det er fleire av desse plantane i kantonene enn inne på enga. Dominerande artar i enga er bakkesoleie, engkvein, engsyre, grasstjerneblom og harestorr. Eit parti midt i bakken samt ein skråning i vest ser ut til å ha det best bevarte artsmangfaldet i enga. I skråninga mot vest, som ligg utanfor området som er pløgd opp og gjødsla, er gulaks, raudknapp og tviskjeggveronika dominerande. At lokaliteten er sørvendt tilseier at enga også har gode habitat- og næringsmogleheter for ulike insekt, mellom anna for pollinerande artar. Det vart ikkje registrert beitemarksopp ved undersøkingane i 2018, men ein reknar med at det er eit visst potensiale for sjeldne og raudlista artar i kantonene.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har tradisjonelt vore skjøtta som slåttemark fram til enga blei pløgd opp på 60-talet. Frå 70-talet og fram til 2010 låg enga urørt, før ho igjen vart gjødsla frå 2011 til 2016, og beita med sau i to år frå 2014 til 2016. Ved den naturfaglege undersøkinga 13.09.2018 var graset slått, og det var tydelege køyrespor etter traktor i bakken. Grunneigar ønsker å restaurere enga og skjøtte den som slåttemark på tradisjonelt vis.

FRAMANDE ARTAR: Det er ikkje registrert framande artar innan lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: Enga er kartlagt som restaureringsareal, med von om at artsmangfaldet vil auke i løpet av ein fem-års periode om området vert skjøtta med tradisjonell slåtteskjøtsel. Slåtten bør helst gå føre seg etter 20. juli for at plantene skal rekke å frø seg, eventuelt ved tradisjonelt slåttetidspunkt på garden om det er kjent. Graset i kantonene (skråningane) bør slåast med ljå, medan resten av arealet bør slåast med slåmaskin eller lett traktor for å unngå jordpakking og køyrespor. Graset bør bakketørkast i minst to dagar, og i løpet av denne tida bør det vendast ein gong eller to med ein greip eller rive slik at mogne frø losnar og plantane får spreidd seg. Det er ei ujamn fordeling av artar i enga, og fleire tyngdepunktartar for seminaturleg eng finst i utkanten av enga, spesielt i skråninga mot vest, og i nokre parti i bakken. Det beste for artsmangfaldet er om noko av graset frå desse områda vert raka saman og fordelt i resten av enga for frøspreiing. Etter tørking bør graset rakast saman og fjernast. Etter slåtten er det ønskeleg med etterbeite for å halde vegetasjonen nede. Ein kan også vurdera beiting om våren. Det er viktig at også kantonene skjøttast godt med slått og rydding av eventuelle lauvoppslag. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfald må enga verken gjødsla, pløyast, sprøytast eller pussast med beitepussar. Skjøtselen bør også ta omsyn til insekt, og spesielt pollinerande insekt som ulike bier og blomsterfluer, sommarfuglar og biller. Dette gjerast mellom anna ved å behalde artsrike vegkantar og andre kantonar og slå graset om lag 5 cm over bakken. Sein slått, gjerne i august/september om mogleg, er også positivt for diversitet av insekt. I tillegg er det tilrådeleg å variere slåttetidspunkt frå år til år. Då får ein tatt vare på seint blomstrande artar og insekt får tilgang til nektar og pollen ut sesongen.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: Tilhøyrande bruket på Utistua er det fleire liknande lokalitetar med restaureringspotensial. I tillegg er det på nabogarden, om lag ein halv km mot sør-aust, registrert to slåttemarker med verdi A. Under kartlegginga av Utistua og Austistua på Mogstad vart det også registrert haustingsskog med fleire gamle styva almetre, samt naturbeitemark. I nærområdet finnes også lokalitetar med død ved, noko som aukar habitatmogleheitene for pollinerande insekt. Det er også registrert nokre slåttemyrer eit stykke opp i lia, tilhøyrande desse gardsbruksa. Grunneigaren av dette bruket på Mogstad har elles planar om å gjenskapa heile det gamle kulturlandskapet på garden sin – ein tanke vi har stor sans for.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for slåttemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik, (3,9 daa) og låg vekt på grunntypevariasjon (ein kartleggingseining med semi-naturleg eng). Vidare oppnår enga låg vekt på artsmangfald då det berre er registrert ti tyngdepunktartar for semi-naturleg eng, og ingen raudlista artar. Enga oppnår middels vekt på tilstand då den er lite prega av gjengroing, men låg vekt på påverknad då det er tidlegare oppdyrka eng med spreidde førekommstar av slåttefavoriserte artar, og slik sett har eit visst restaureringspotensiale. Fleire kulturmarksverdiar på garden og nabogarden, i tillegg til nærleik til kroksjø/flaummarkskog og elvemiljø, er positivt for lokaliteten og fører til at lokaliteten oppnår høg verdi på landskapsøkologi. I følgje verdimatrissa i faktaarket oppnår lokaliteten då verdien; viktig – B. Denne vurderinga er ikkje i tråd med kartleggarane si vurdering. Lokaliteten er i hovudsak ei intensivt dyrka eng, heller enn slåttemark. Difor vurderast enga i denne omgang å vere lokalt viktig, og får verdi C. Det er ingenting i vegen for at lokaliteten etter nokre år med slåtteskjøtsel kan oppjusterast til verdi B.



Figur 24: Bilete viser lokaliteten frå sør mot nord. Lokaliteten startar om lag der hellinga aukar og traktorvegen tek slutt. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999944, E 187657. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 25: Bilete viser den mest artsrike delen av Arntrøa, skråninga mot vest. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 7000076, E 187673. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 26: Biletet viser deler av bakken mot sør. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 7000024, E 187693. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.

1.2.3 Lok. 8. Utistua, Blomøytrøa

EU89, UTM-sone 33: nord, aust

Areal: 3,6 daa

Verdi: Lokalt viktig – C.

Naturtype: Slåttemark 100 %.

Utforming: Intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4).

Feltsjekk siste: 15.07.18 Åshild Hasvik og Finn Oldervik, samt 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrenningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, frå Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 15.07 og 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar tilhøyrande gardane på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalen er utarbeidd i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2015), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015, og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018. Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten tilhøyrar garden Mogstad (bruksnummer 58/6), og ligg opp frå Høgberget og gardane på Mogstad, som ligg langs elva Surna i Surnadal kommune. Området ligg nord-aust for Arnrøa, som også er registrert som restaurerbar slåtteeng. Desse lokalitetane var tidlegare ein del av eit større samanhengande jordbruksområde, som over tid har vorte skild av krattskog. Slåttemarka er eksponert mot sør-aust, og grenser til krattskog i vest, ein granplantasje i aust og elva Brøskjåa i sør. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnskart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer ([ngu.no/kart/berggrunn](#)). Lausmassane er mest å rekne som hav- og fjordavsetningar ([ngu.no/kart/-losmasser](#)).

NATURYPAR, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPAR: Etter siste versjon av faktaark for slåttemark i DN Handbok 13 (Svalheim 2015), er lokaliteten å rekne som slåtteeng med restaureringspotensial. Etter NiN-systemet er enga kategorisert som 'intermediær eng med klart hevdregn' (T32-C-4). Artsmangfaldet i enga tilseier at rydding av området, samt tradisjonell slåtteskjøtsel over tid kan føre til at området vil tilbakeførast til slåttemark. Naturtypen slåttemark er ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk trua (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Artsmangfaldet ber preg av at slåttemarka har vore gjengrodd. I 2018 vart det registrert 30 ulike karplantar i lokaliteten, 6 av desse er tyngdepunktsartar for semi-naturleg eng; grov nattfiol, gulaks, harerug, smalkjempe, småengkall og sumpmaure. Dominerande artar i lokaliteten er engkvein, gulaks og ryllik. Det vart ikkje registrert beitemarksopp ved undersøkingane i 2018, men ein reknar med at det er eit visst potensiale for sjeldne og raudlista artar her.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har vore skjøtta som slåttemark fram til midten av 60-talet, og har sidan då vorte liggjande urørt. Området grodde etter kvart igjen med


lauvskog, før trea vart hogd i åra rundt 2008-2009. Denne hogsten har truleg ført til noko oppgjødsling av lokaliteten etter som at røter og anna skogsavfall har vorte nedbrote, og tilførd næring til jorda. Området har vore beita med sau i perioden frå 2012 til 2016. Grunneigar ønsker å restaurere enga og skjøtte den som slåttemark på tradisjonelt vis.

FRAMANDE ARTAR: Det er ikkje registrert framande artar i lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: Enga er kartlagt som restaureringsareal, med von om at artsmangfaldet vil auke i løpet av ein fem-års periode om lokaliteten vert skjøtta med tradisjonell slåtteskjøtsel. Slåtten bør helst gå føre seg etter 20. juli for at plantene skal rekke å frø seg, eventuelt ved tradisjonelt slåttetidspunkt på garden om det er kjent. Graset i kantonene bør siåast med ljå, medan resten av arealet bør siåast med såmaskin. Etter slått bør graset bakketørkast i minst to dagar og i løpet av denne tida bør det vendast ein gong eller to med ein greip eller rive slik at mogne frø losnar og får spreidd seg. Deretter bør graset rakast saman og fjernast. Etter slåtten er det ønskeleg med etterbeite for å halde vegetasjonen nede. Ein kan også vurdera beiting om våren, fram til byrjinga av juni. Sein slått, gjerne i august/september om mogleg, er også positivt for diversitet av insekt. I tillegg er det tilrådeleg å variere slåttetidspunkt frå år til år. Skjøtselen bør også ta omsyn til insekt, og spesielt pollinerande insekt som ulike bier og blomsterfluer, sommarfuglar og biller. Dette gjerast mellom anna ved å behalde artsrike vegkantar og andre kantonar, slå graset om lag 5 cm over bakken. Sein slått, gjerne i august/september om mogleg, er også positivt for diversitet av insekt. I tillegg er det tilrådeleg å variere slåttetidspunkt frå år til år. Då får ein tatt vare på seint blomstrande artar og insekt får tilgang til nektar og pollen ut sesongen. Det er viktig at også kantonene skjøttast godt med slått og at lauvoppslag vert fjerna. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfald må enga verken gjødslast, pløyast, sprøytest eller pussast med beitepussar.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: På dette bruket på Mogstad er det fleire liknande lokalitetar med restaureringspotensial. I tillegg er det på nabogarden, om lag ein halv km mot sør-aust, registrert to slåttemarker med verdi A. Ved kartlegginga på Mogstad vart det også registrert haustingsskog med fleire gamle styva almetre og naturbeitemark. Det er også registrert nokre slåttemyrer eit stykke opp i lia som tilhører desse gardsbruka. Eigaren av dette bruket på Mogstad har elles planar om å gjenskapa heile det gamle kulturlandskapet på garden sin – ein tanke vi har stor sans for.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for slåttemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (3,6 daa) og låg vekt på grunntypetvariasjon (ein kartleggingseining). Vidare oppnår enga låg vekt på artsmangfald då det berre er registrert ti tyngdepunktartar for semi-naturleg eng, og ingen raudlista artar. Eit visst potensiale for slike, er likevel med å trekke noko opp. Enga oppnår middels til låg vekt på tilstand då det er lite gjengroingspreg, men at ein god del av trea er fjerna i løpet av dei seinare åra. Vidare låg vekt på påverknad då det har vore opphøyr i bruken for meir enn 40 år sidan, og enga difor berre har spreidde førekommstar av slåttesfavoriserte artar. I og med at det er rydda her med tanke på slått, samt at artsmangfaldet i dei sentrale delane av enga er meir eller mindre intakt, reknar ein restaureringspotensialet som godt. At det er fleire kulturmarkstilknytte verdiar på garden og nabogarden, samt nærleiken til kroksjø/flaummarkskog og elvemiljø, er positivt for lokaliteten og fører til at lokaliteten oppnår høg verdi på landskapsøkologi. Lokaliteten vurderast å vere lokalt viktig (C).



BIOREG AS



BIOREG AS

Figur 27: Karta viser lokalitetane Blomøytrøa i nord og Arntrøa i sør. Av dei to kartene kjem endringane i kulturlandskapet fram. Det øvste kartet er laga med eit gammalt flyfoto frå 1963 som bakgrunn, medan det andre er frå eit nyare flyfoto frå 2017. Kartene er utarbeida i Q-GIS med kartgrunnlag © Kartverket og Norge Digitalt. Bakgrunnsfoto er Ortofoto Rindal-Surnadal-Stangvik 1963 og Ortofoto Surnadal-Rindal 2017.



Figur 28: Blomøytrøa sett frå nord mot sør. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 7000223, E 187708. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 29: Blomøytrøa sett mot aust. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 7000223, E 187708. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.

1.2.4 Lok. 9. Utistua, Almpillia

EU89, UTM-sone 33: nord 6999521, aust 187021

Areal: 26,6 daa

Verdi: Viktig – B.

Naturtype: Naturbeitemark 100 %.

Utforming: Svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C-20) og kalkrik fukteng med klart hevdpreg og gjødselpåverknad (T32-C-10)

Feltsjekk siste: 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo, Åshild Hasvik og Finn Oldervik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalten er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar tilhøyrande gardane på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalten er utarbeidd i tråd med nyaste versjon av faktaark i DN-handbok 13, og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015, og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018. Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart. Registreringar i artskart.no er tatt med i verdivurderinga (artskart.artsdatabanken.no 11.01.19).

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg rett nord for elva Surna, på garden Mogstad (bruksnummer 58/6), i ei søraust-vendt li vest for garden. Nord for området ligg slatteenga Rishaugen, i aust grensar beitemarka mot lauvskog og i sør mot eit belte med hasselskog, samt fylkesveg 325. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnskart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som hav- og fjordavsetningar (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Av flyfoto frå 1963 ser ein at lokaliteten var ei opa beitemark med nokre enkeltståande tre, omkransa av eit belte med bartre i nord og aust, blandingsskog i vest og lauvskog i sør ned mot vegen. Marka vart gjødsla noko på 1980-talet. Sidan då har området grodd igjen med lauvtre, og det framstår i dag som lauvskog/hasselkratt med eit, til tider, gras- og urterikt feltsjikt, og nokre opne lysningars. Det er vanskeleg å vurdere kva for ein naturtype dette bør karakteriserast som, og vi har vurdert både hagemark og naturbeitemark. Med grunnlag i samtalar med grunneigar, gamle flyfoto, artsamansetting, samt at dei fleste trea er ganske unge, har vi kome til at området bør kartleggast som naturbeitemark, slik denne typen er skildra i siste versjon av faktaark i DN-handbok 13 (Bratli 2015, oppdatert 2018). Etter NiN-systemet er lokaliteten kategorisert som 'Svakt kalkrik eng med klart hevdpreg' (T32-C-20) og 'kalkrik fukteng med klart hevdpreg og gjødselpåverknad' (T32-C-10) utan slåttemarks preg (SP-0). Naturtypen naturbeitemark er omfatta av semi-naturleg eng som er vurdert som sårbar (VU) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Det vart ved synfaringa i 2018 registrert i underkant av 30 ulike karplantar i lokaliteten, mellom anna bakkefrytle, blåkoll, gaukesyre, gulaks, hengjeveng, markjordbær, myske, nattfiol sp., raud jonsokblom og åkermynte. Treslag i området er alm (VU), bjørk, edelgran (NR), einer, gran, gråor, hassel (dominerande treslag), hegg, osp og platanlønn (SE). Det står to gamle styvingstre av alm aust i lokaliteten (EU89, UTM-sone 32 N 6984463, E 490741). Den ene av desse har eit interessant artsmangfald med mellom anna fleire raudlista artar; almeteppemose, bleikdoggnål (NT), kryspsilkemose, lungenever, narrepiggsopp, vanlig skriftlav og almekolsopp (NT) med den raudlista parasittiske soppen *Chlorostroma vestlandicum* (EN). Opp mot slåttemarka Rishaugen ovanfor veks ein god del einstape. Denne ser ut til å spreie seg.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Ifølge grunneigar har det gått beitedyr i lokaliteten så å seia kontinuerleg fram til 1996, beitemarka var meir eller mindre opa fram til 1980-talet. Ved besøket i 2018 var ikkje lokaliteten i bruk, og lokaliteten vurderast under parameteren 'rask gjenvekstsuksesjon i semi-naturleg eng' for det meste å vere i tidleg gjenvekstsuksesjonsfase (3), då arealet framleis har ein artssamansetjing i feltsjiktet som er meir lik areal i aktiv bruk enn i ettersuksesjonstilstanden. Dagens tresjiksdekning er over 50 %, men på flyfoto frå 1963 ser vi at tresjiksdekninga er under 5 %. Grunneigaren har i løpet av våren 2019 alt tynna skogen kraftig, samt at han er komen godt i gang med styving av nye almetre. Desse tiltaka er positivt for å ta vare på artsmangfaldet tilknytt dei styva almetrea som er her i dag. Ein slik skjøtsel kan gjere at lokaliteten vert restaurert til naturtypen hagemark, heller enn naturbeitemark. Det kan også vere grunnlag for å dele opp lokaliteten meir i framtida. Uansett vil restaurering og gjenopptaking av beite truleg auke verdiane i lokaliteten, og ein reknar restaureringspotensialet som godt.

FRAMANDE ARTAR: Platanlønn (SE), og edelgran (NR) er registrert i lokaliteten, samt i områda rundt.

SKJØTSEL OG OMSYN: Ifølge faktaarket for naturbeitemark bør skjøtsel settast i gang i lokalitetar som kan restaurerast, og der det er dokumentert høge naturverdiar. Det beste er å skjøtte området etter tradisjonell skjøtsel. Skal beite settast i gang igjen bør det gjerast ein vurdering på kor mange beitedyr og kva for dyreslag som er høveleg, samt tidspunkt for beite. Området må ikkje gjødslast eller jordbearbeidast, ein bør unngå tilleggsforing om det er mogleg og saltstein bør ikkje settast fram. Ved restaurering bør ungskog ryddast gradvis for å unngå erosjon i dei bratte partia, samt store areal med open jord der framande artar kan etablere seg. Kapp og anna avfall må fjernast frå lokaliteten slik at det ikkje bidrar med gjødsling. Avfallet kan gjerne leggast i haugar i nærleik til lokaliteten då dette er gode habitat for ulike insekt og virveldyr. Ståande og liggjande død ved bør ikkje fjernast, då dette er habitat for mellom anna sopp, mosar, lav og insekt. Det må tas spesielle omsyn i området rundt dei styva almetrea, og tynning her må gjerast med varsemd. Om det er blir aktuelt å styve nye tre skal trekronene til styvingstrea haldast relativt små, altså bør desse haustast og tynnast med regelmessige mellomrom. Slik vil skogen få ein meir lysopen karakter. Ved skjøtselen er det viktig å velje ut kva for tre ein satsar på, og halde andre tre nede slik at det ikkje blir for tett. Generelt sett bør styvingstre helst haustast kvart 5. til 10. år (eller etter dei tradisjonelle hevdregima). Når trea vert skorne ned bør ein kappe greinene rett ovanfor den førre styvinga slik at ein kjem inn på frisk ved. Restaurering av gamle styvingstre bør utførast når treet kvilar, altså på vinteren (september-mars), men ikkje ved for lag kulde. Ein må ta omsyn til epifyttiske artar på dei gamle almetrea når ein set i gang med skjøtsel og eventuell restaurering. For dei gamle styvingstrea må det gjerast ein vurdering om trea bør restaurerast eller ikkje, dette må

vurderast nøye då det er usikkert om dei toler dette. Det er mogleg at det beste for trea er å la dei stå urørt, og heller satse på å forme nye, unge styvingstre. Platanlønna og edelgran som er registrert i området bør fjernast og nye skot må kuttast ned. Einstape i øvre delar av lokaliteten bør bekjempast med slått eit par gonger for sesongen.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: På gardane på Utistua er det fleire kulturtilknytte lokalitetar med restaureringspotensial, samt nokre med svært høg verdi, på nabogarden Austistua er det registrert fleire styva almetre med raudlista artar knytt til seg. Eigaren av dette bruket på Utistua har elles planar om å gjenskapa heile det gamle kulturlandskapet på garden sin – ein tanke vi har stor sans for. At det er fleire kulturmarkstilknytte verdiar på garden og nabogarden, samt nærleiken til kroksjø/flaummarkskog og elvemiljø, er positivt for lokaliteten og fører til at lokaliteten oppnår høg verdi på landskapsøkologi.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for naturbeitemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (26,6 daa). Låg vekt på artsmangfald då det berre er registrert to tyngdepunktartar for semi-naturleg eng, men høg vekt på raudlisteartar då det registrert fleire almetre (VU), samt raudlista epifyttiske artar på ei av dei gamle almane (to NT-artar og ein EN-art). Tilstand og påverknad vert sett til lågt då området er i gjengroing (7RA-SJ 3) og tradisjonell skjøtsel har opphøyrd. Til saman oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B. At grunneigar er svært interessert i å ta opp igjen tradisjonell skjøtsel er med å dra opp verdien, men gjengroingspreget gjer likevel at den er noko svak.



Figur 30: Almpillia ved grensa mot garden, biletet er tatt mot nord-aust. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999521, E 187086. Foto: Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS © 13.09.2018.



Figur 31: Ein av lysningane i lokaliteten. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.



Figur 32: Dei styva almetrea i Almpillia. Foto: Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS © 13.09.2018.



Figur 33: Det er satt i gang med rydding av almpillia våren 2019. Foto: Arild Mogstad

1.2.5 Lok. 10. Utistua, Rishaugen

EU89, UTM-sone 33: nord 6999622 , aust 186950

Areal: 5,2 daa

Verdi: Lokalt viktig – C.

Naturtype: Slåttemark 100 %.

Utforming: Eng-aktig oppdyrka mark (T41-C-1) (70%) og svakt kalkrik eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-21) (30%).

Feltsjekk siste: 15.07.18 Åshild Hasvik og Finn Oldervik, samt 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalten er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 15.07 og 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar tilhøyrande gardane på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalten er utarbeidd i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2015), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015, og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018. Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokalitetten vert lagt til i artsobservasjonar.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart. Tidlegare registreringar i artskart.no er tatt med i verdivurderinga (artskart.artsdatabanken.no 10.01.19).

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg rett nord for elva Surna, på garden Mogstad (bruksnummer 58/6), i ein sør-austvendt bakke vest for garden. Av flyfoto frå 1963 ser ein at Rishaugen og enga nord for denne, Sommarfjøstrøa, var ein større, samanhengande eng som strakk seg heilt ned til garden. Mellom desse har det sidan då grodd igjen med lauvtre. Vest for lokalitetten er ein kolle med nokre furutre, sør for lokalitetten ligg ei naturbeitemark. I aust smalnar enga inn til ein tarm som strekkjer seg nesten heilt ned til busetnaden på garden. Ovanfor enga går ein traktorveg. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnkart over området i skala 1:250 000 er området i hovudsak registrert med amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart-/berggrunn). Lausmassane er mest å rekne som hav- og fjordavsetningar (ngu.no/kart-/losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPAR: Lokalitetten er gjødsla og jordarbeida, slik at den etter siste versjon av faktaark for slåttemark i DN-handbok 13 (Svalheim 2015), er å rekne som slåtteeng med restaureringspotensial. Etter NiN-systemet er sjølve enga kategorisert som 'eng-aktig oppdyrka mark' (T41-C-1), medan kantonene er vurdert som 'svakt kalkrik eng med svakt preg av gjødsling' (T32-C-21). Artsmangfaldet i enga tilseier at tradisjonell slåtteskjøtsel over tid kan føre til at området vil tilbakeførast til slåttemark. Naturtypen slåttemark er ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk truga (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Det vart i 2018 registrert 40 karplanteartar i lokalitetten. Dominerande artar er blåtopp, engkvein, engsyre, gulaks, harestorr og tepperot. Sju av dei registrerte artane er tyngdepunktartar for semi-naturleg eng; blåklokke, grov nattfiol, gulaks, harerug, kjertelaugnetrøyst, smalkjempe og småengkall. Desse veks i all hovudsak i kantonene. Artar som

indikerer lite gjødsling førekjem berre i kantane og også der svært sparsamt. Nedste del av enga, der den smalnar inn og strekkjer seg ned mot garden, har lite preg av gjødsling og jordbearbeiding, men er meir prega av gjengroing, her finn vi blåbærlyng og andre artar som hører heime i skogen.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har tradisjonelt vore skjøtta som slåttemark fram til enga blei pløgd opp på 60-talet. Det gjekk ingen beitedyr i lokaliteten frå 1996 til 2012, og enga vart pussa med beitepußar i perioden frå 2008 til 2012. Enga har vore gjødsla i perioden frå 2011 til 2016, og beita med sau i to år frå 2014 til 2016. Om lag midt i enga er eit fuktig område som tydeleg ber spor av køyring med tunge reiskap. Grunneigar har planar om å skjøtte enga på tradisjonelt vis.


FRAMANDE ARTAR: Det er ikkje registrert framande artar i lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: Enga er kartlagt som restaureringsareal, med von om at artsmangfaldet vil auke i løpet av ein fem-års periode om området vert restaurert og skjøtta med tradisjonell slåtteskjøtsel. Dei første åra bør enga slåast to gonger kvar sumar, den første slåtten rundt jonsok, og den andre etter 20. juli. Graset i kantonene, treng slått berre på seinsumaren. Kantonene bør slåast med ljå, medan resten av arealet kan slåast med tohjuls slåmaskin. Det er ønskeleg å spreie artar som trivst i slåtteeng inn i lokaliteten for restaurering. Dette kan gjerast ved å hente gras frå kantonene og frå naboenga Sommarfjøstrøa, som har eit rikare artsmangfald med fleire typiske slåttemarksartar. Dette graset bør fordelast på Rishaugen, og gjerne vendast ein gong eller to med ein høygaffel eller rive slik at mogne frø losnar og plantane får spreidd seg. Etter tørking bør graset rakast saman og fjernast. Etter slått er det ønskeleg med etterbeite for å halde vegetasjonen nede. Ein kan også vurdere beiting om våren, men vårbeitinga er mindre viktig enn haustbeiting. Skjøtselen bør også ta omsyn til insekt, og spesielt pollinerande insekt som ulike bier og blomsterfluer, sommarfuglar og biller. Dette gjerast mellom anna ved å behalde artsrike vegkantar og andre kantonar, slå graset om lag 5 cm over bakken. Sein slått, gjerne i august/september om mogleg, er også positivt for diversitet av insekt. I tillegg er det tilrådeleg å variere slåttetidspunkt frå år til år. Då får ein tatt vare på seint blomstrande artar og insekt får tilgang til nektar og pollen ut sesongen. Det er viktig at også kantonene skjøttast godt med rydding av eventuelle lauvoppslag. I vestre kant av enga veks ein del einstape som bør haldast nede ved at også desse areala vert slått rundt jonsok, når bregna er vel utvikla. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfald må enga ikkje gjødsla, pløyast, sprøytast eller pussast med beitepußar.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: Tilhøyrande bruket på Utistua er det fleire liknande lokalitetar med restaureringspotensial. I tillegg er det på nabogarden, ca. ein km frå Rishaugen, registrert to slåttemarker med A-verdi. Under kartlegginga på Mogstad vart det også registrert hagemark, haustingsskog med fleire gamle styva almetre og naturbeitemark. Det er også registrert nokre slåttemyrer, tilhøyrande desse gardsbruka, eit stykke opp i lia. Eigaren av dette bruket på Mogstad har elles planar om å gjenskapa heile det gamle kulturlandskapet på garden sin – ein tanke vi har stor sans for.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for slåttemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten høg vekt på storleik, (ca. 5,2 daa) og låg vekt på grunntypetvariasjon (berre ein kartleggingseining). Vidare oppnår enga låg vekt på artsmangfald då det berre er registrert sju tyngdepunktastar for semi-naturleg eng. Enga oppnår låg vekt på tilstand og påverknad då ho har noko gjengroingspreg og er tidlegare oppdyrka eng med spreidde førekommstar av slåttefavoriserte artar, men eit visst restaureringspotensiale. At det er fleire kulturmarks-

verdiar på garden og nabogarden, samt at nærleiken til kroksjø/flaummarkskog og elvemiljø, er positivt for lokaliteten og fører til at lokaliteten oppnår høg vekt på landskapsøkologi. Til saman oppnår lokaliteten verdien; lokalt viktig – C. At grunneigar er svært interessert i å ta opp igjen tradisjonell skjøtsel er med å løfte verdien. Med rett skjøtsel utan gjødsling nokre år kan kanskje verdien oppskrivast til B etter ei tid.



Figur 34: Karta viser lokalitetane Sommarfjøstrøa, Rishaugen og Almpillia (frå nord mot sør). Av dei to kartene kjem endringane i kulturlandskapet fram. Det øvste kartet er laga med eit gammalt flyfoto frå 1963 som bakgrunn, medan det andre er frå eit nyare flyfoto frå 2017. Karta er utarbeida i Q-GIS med kartgrunnlag © Kartverket og Norge Digitalt. Bakgrunnsfoto er Ortofoto Rindal-Surnadal-Stangvik 1963 og Ortofoto Surnadal-Rindal 2017.



Figur 35: Rishaugen, biletet er tatt langt vest, oppe i bakken og ned mot garden i aust. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999613, E 186931. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 36: Rishaugen, Biletet er tatt langs aust i lokaliteten. Her er enga meir prega av gjengroing enn av gjødsling. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6999631, E 187108. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.

1.2.6 Lok. 11. Utistua, Nistusetrå

EU89, UTM-sone 33: nord 7001579, aust 188709

Areal: 6,6 daa

Verdi: Svært viktig – A

Naturtype: Slåttemyr 50 %, slåttemark 50 %.

Utforming: Rik slåttemyr (70 %), intermediær eng med mindre hevdpreg (30 %)

Feltsjekk siste: 13.09.2018 av Solfrid Helene Lien Langmo og Åshild Hasvik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 15.07 og 13.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar tilhøyrande to gardar på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer DN-handbok 13 sine reviderte faktaark frå hausten 2014/vinter 2015, og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregisteringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten tilhøyrar garden Utistua (bruksnummer 58/6) i Surnadal. Setra ligg i øvre del av Fagerlia, ca. 1,7 km frå busetnaden på Utistua ved elva Surna. Setra ligg fint til i ei sørvendt helling om lag 400 m.o.h. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og i klart oseanisk vegetasjons-seksjon (O2) (Moen 1998). På bergrunnskart over området i skala 1:250 000 er det registrert amfibolitt og glimmerskifer (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane i området består, i tillegg til torv og myr, av eit tynt humusdekkje over berggrunnen (ngu.no/kart/losmasser).

NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Etter siste versjon av faktaark i DN Handbok 13, er lokaliteten å rekne som 70 prosent slåttemyr av utforminga rik slåttemyr, og 30 % slåttemark. Etter NiN er området å rekne som kalkrik semi-naturleg myr med myrkantpreg (MF·cd) (V9-C-3) og intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C4). Heile lokaliteten har eit svakt slåttepreg (SP·a). Både naturtypane er utvalde typar etter naturmangfaldlova. I norsk raudliste for naturtypar frå 2018 er slåttemyr vurdert som sterkt truga (EN), mens slåttemark er vurdert til å være kritisk truga (CR).

ARTSMANGFOLD: Det vart i 2018 registrert i underkant av 60 karplantar samt nokre moseartar. Det kan her trekkjast fram dei kalkrevjande artane; bjørnebrodd, breimyrull, brudespore, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulstorr, stortviblad, svarttopp og sveltull. Av mosar kan det trekkjast fram myrstjernemose, rosetorvmose og sumpbroddmose. I nedre del av lokaliteten sør-vest for vegen var det ved besøket i september 2018 registrert ein svært god bestand av den raudlista soppen russelærsvokssopp (NT) og lengre opp ved seterbua vart også den raudlista soppen mjølraudspore (NT) registrert. Artar som gulaks, harerug, marinøkkel og smalkjempe er med å vitne om at det er drive tradisjonell skjøtsel her. Lokaliteten er ein mosaikk av slåttemark og slåttemyr, enga er stort sett å finne ut mot kantane og på nokre turrare parti ute i myra. Det er varierande grad av kalkpåverknad i området, det verkar til at dei myrlendte områda er meir kalkrike, truleg av at sigevatnet i området er kalkrikt. Områda som er mindre påverka av kalkrikt sigevatn, har også mindre kalkrevjande artar.


BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har tradisjonelt vore skjøtta med slått, denne skjøtselen opphørde i 1947 då seterdrifta tok slutt. Marka var deretter i gjenvekstsuksesjon til grunneigar starta å rydde området for tre i 1998. Grunneigar har etter det rydda lokaliteten for lauvskog med ryddesag kvart år. Etter kvart vart også slåtten tatt opp igjen. Vegetasjonen verkar å ha tatt seg fint opp att etter restaureringa, mellom anna viser registreringar av to raudlista beitemarksopp-artar god kontinuitet i artsmangfaldet. Området har ifølge grunneigar berre sporadisk vore beita, men kan vere gjødsla med noko husdyrgjødsel. Det er laga ein grøft i aust, som skil slåttemyra frå andre myreal. Det er også bygd ein veg gjennom lokaliteten som deler området i to delar. Langsetter vegen er det grøfta. Noverande grunneigarar har tatt opp slåtten, og har lyst til å halde lokaliteten i hevd framover. Det er også vurdert å ha sau på beite etter slåtten.

FRAMANDE ARTAR: Det veks ein del platanlønn i området, spesielt i myrområdet på nedsida av vegen, kjem det opp skot av platanlønn.

SKJØTSEL OG OMSYN: Naturverdiane er avhengig av at det ikkje vert gjort fysiske inngrep. Det beste for slåttemyra er at tradisjonell slått held fram, og at skjøtselen av slåttemyra er så lik den tradisjonelle bruken som mogleg. Det vil variere kor hyppig det er naudsynt med slått frå kvart tredje til kvart tiande år. Om det finnes kunnskap om kor hyppig det vart slått tradisjonelt er dette eit godt mål å leggje seg på. Etter slått kan graset tørkast på bakken, slik at mogne frø frå plantene vert frigjort. Høyet må seinare fjernast frå slåttemyra. Det er viktig for å unngå oppgjødsling av myra, samt endra veksttilhøve for mosar og mindre karplanter. Oppslag av lauvtre som gråor og platanlønn må fjernast jamt. Øvre del av området er i gjengroing, og har eit tuva preg med mykle småbjørneskjegg og vier, her bør det slås noko hyppigare. Det er viktig at kantonene skjøttast godt slik at området ikkje gror att. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfald må lokaliteten ikkje gjødslast, sprøyta eller jordbearbeidast. Det kan vurderast om det er tilrådeleg med haustbeite på lokaliteten om det er ønskeleg.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP Om lag 700 meter sør-aust for lokaliteten ligg Litjeslettløa, ei mindre slåttemyr. Også her er skjøtselen tatt opp igjen etter ein periode utan skjøtsel. Lokalitetane høyrer til gardsbruka på Mogstad nede i Surnadal, der er det også fleire kulturprega naturtypelokalitetar med slåttemark, hagemark, haustingsskog med fleire gamle styva almetre og naturbeitemark. I Surnadal kommune er det frå før registrert totalt 9 lokalitetar med slåtte- og beitemyr, alle i nærleik til naturreservat. Nokre av desse lokalitetane er tilknytt Tågdalen naturreservat i Surnadal, eit området som er verna for å ta vare på eit verdifullt myrområde inkludert noko slåttemyr, desse områda vert framleis slått på tradisjonell måte, noko som er svært sjeldsynt i Noreg i dag.

VERDIVURDERING Etter faktaark for slåttemyr frå 2015, oppnår lokaliteten låg vekt på storleik (ca. 6,7 daa), middels vekt på artsmangfald (rikmyr med 15 tyngdepunktsartar for rikmyr, samt to raudlista beitemarksopp i kategorien NT). Middels vekt på tilstand då den bærer preg av langvarig hevd som slåttemyr (at skjøtselen er satt i gang igjen er med å trekke tilstanden opp). Høg vekt på landskapsøkologi - lokal førekommst (slåttemyr er sjeldsynt i regionen), og middels vekt for landskapsøkologi - heilskapleg kulturlandskap ut frå at det er ei anna slåttemyr i nærleiken til lokaliteten, samt fleire semi-naturlege naturtypar knytt til gardane på Mogstad nede i Surnadalen. I følgje verdimatrissa i faktaarket for slåttemyr skal lokalitetar som er haldne i hevd som slåttemyr og beitemyr, og har høgt artsmangfald eller inngår i eit heilskapleg kulturlandskap vurderast som svært viktig - A. Noko som verkar rimeleg for denne lokaliteten då det er få slåttemyrlokalitetar i området, og spesielt få i hevd, samt at her er registrert to raudlista beitemarksopp.



Figur 37: Kartet viser avgrensinga til slåttemyra Nistusetra. Karta er utarbeida i Q-GIS med kartgrunnlag © Kartverket og Norge Digitalt. Ortofoto er Surnadal-Rindal 2017.



Figur 38: Biletet viser store deler av slåttemyra på Nistusetra. Det er tatt i øvre, austre del av myra, mot sør-vest. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 7001609, E 188776. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 15.07.2018.



Figur 39: Nistusetra, biletet er tatt etter slått hausten 2018. Området til venstre i biletet, opp mot høgda med tre på, er eit av partia der det er meir slåttemarkpreg og mindre myrpreg. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 7001545, E 188739. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.



Figur 40: Russelærvoxsopp vart registrert i nedre del av slåttemyra. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 13.09.2018.

1.3 Ekkerøya, Jordalsgrenda

Under følger lokalitetsskildringar for to lokalitetar tilhøyrande Ekkerøya i Jordalsgrenda.

1.3.1 Lok. 12. Ekkerøya, nord for garden

EU89, UTM-sone 33: nord: 6976759, aust: 159185

Areal: 0,7 daa

Verdi: Viktig -B.

Naturtype: Slåttemark 100 %.

Utföring: Intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6).

Feltsjekk siste: 14.09.2018 av Åshild Hasvik og Finn Oldervik.

Avgrenningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 14.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av slåttemark, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalen er utarbeidd i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2015), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjon.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg i Jordalsgrenda, rett vest for Jordalselva på småbruket Ekkerøya (bruksnummer 89/3), i ein vestvendt bakke rett nord for garden. Delar av området er intensivt utnytta åker, slik at lokaliteten er delt opp i to del-lokalitetar. Området ligg i sørboREAL vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). Bergrunnskart over området viser at berggrunnen for det meste består av diorittisk til granittisk gneis, i hovudsak kvartsdiorittisk, men også migmatittisk (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er moreneavsetningar, i tillegg grenser lokaliteten mot breelvavsetningar i vest (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPAR: Etter siste versjon av faktaark for slåttemark i DN Handbok 13 (Svalheim 2014), er lokaliteten å rekne som slåtteeng med restaureringspotensial. Etter NiN-systemet er enga kategorisert som intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6). Store deler av areala som tilhører Ekkerøya er gjødsla og jordbearbeida, slik at dei ikkje er slåtteeng, men engaktig oppdyrka mark eller åker. Dei områda som her er avgrensa, er kantsoner der det ikkje er gjødsla eller jordbearbeidd i same grad, og difor framleis har indikatorartar som høyrer heime i slåttemarka. Det er mogleg at framhald av tradisjonell slåtteskjøtsel, samt opphøyr av jordbearbeiding og gjødsling kan føre til eit auka artsmangfald, samt ha positive effektar for omkringliggjande areal. Naturtypen slåttemark er ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk truga (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Det vart i 2018 registrert i underkant av 40 karplantar i lokaliteten, åtte av desse er tyngdepunktsartar for semi-naturleg eng; aurikkelsvæve, blåklokke, gulaks, harerug, kjertelaugnetrøyst, prestekrage, smalkjempe og småengkall. Blåklokke og smalkjempe er nokre av mengdeartane i lokaliteten. I den vestlege av dei to lokalitetane vart det registrert

raud honningvokssopp, som er raudlista som sårbar (VU). Raud honningvokssopp veks i hovudsak på lokalitetar som ikkje er pløgd eller jordbearbeida på anna vis på lang tid, dvs. lokalitetar med lang kontinuitet som slåtte- eller beitemark. Funnet av denne beitemarksoppen aukar verdien av lokaliteten.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten var beita med sau fram til ca. 2007. Grunneigarane har normalt slått enga med slåmaskin, men i 2017 og 2018 vart det bruka beitepussar. Fram til 2007 vart høyet hesja, sidan den tid har dei fjerna høyet etter nokre dagars tørking på marka. Dei har vanlegvis slått marka i slutten av juli. Store delar av det resterande områda på garden vart pløgd opp til jordbæråker og potetåker for 30-40 år sidan. Dette kjem også tydeleg fram av artsamansetjinga, der dei viktigaste artane er trådsiv, følblom, engsyre, ryllik, kvitkløver og sølvbunke. Ifølgje grunneigar har areala vore gjødsla med litt sauetalle og kunstgjødsel. Det er tydeleg at det største mangfaldet av artar i engområda for det meste veks i utkanten av enga og i kantonene, noko som er vanleg i gjødsla og jordbearbeida slåtteeng. Med rett skjøtsel vil truleg desse artane spreiaast inn i enga.

FRAMANDE ARTAR: Det er ikkje registrert framande artar i lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: Det er ønskeleg at tradisjonell skjøtsel med sein slått tas opp igjen. For at plantane skal rekke å utvikle frø bør slåtten ikkje gjennomførast før etter 20. juli. Graset i kantonene bør slåast med ljå, resten av areala kan slåast med slåmaskin. Graset bør bakketørkast i minst to dagar og i løpet av denne tida bør det vendast ein gong eller to for å sikre at dei mogne frøa fell av og får spreidd seg. Etter tørking bør graset rakast saman og fjernast. Det er positivt for lokaliteten med etterbeite på hausten, slik at vegetasjonen vert halden nede. Ein kan også vurdere beiting om våren, om det er ønskeleg. Det er viktig at også kantsoner skjøttast godt med slått og rydding av eventuelle lauvoppslag. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfold må enga ikkje gjødslast, pløyast, sprøytast eller pussast med beitepussar.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: Lokaliteten ligg om lag 500 og 800 meter frå nærmeste slåttemarker. Nærleik til elvemiljø bidrar med «stepping stones» som gjer at artar lettare spreier seg mellom lokalitetar.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for slåttemark frå 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten middels vekt på storleik, (0,7 daa) og låg vekt på grunntypetvariasjon (ein kartleggingseining). Vidare oppnår enga middels vekt på artsmangfold grunna registrering av ein raudlista beitemarksopp (VU), elles er det berre registrert sju tyngdepunktartar for seminaturleg eng i lokaliteten. Truleg har lokaliteten eit visst potensiale for fleire sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp. Enga oppnår høg vekt på tilstand då den er lite prega av gjengroing. Påverknad settast til middels då lokaliteten har preg av for intensiv drift, men at det framleis er spreidde førekommstar av slåttefavoriserte artar som gjer at potensialet for ei vellukka restaurering er godt. Verdfulle kulturmarkareal innanfor ein radius på under ein km frå garden, samt kantvegetasjon og korridorar mellom desse er, i tillegg til nærleiken til elvemiljø, er positivt for lokaliteten og fører til middels verdi på landskapsøkologi. Til saman oppnår lokaliteten verdien viktig – B.



Figur 41: Biletet viser den nordlege slåttemarka, tatt mot vest. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6976759, E 159181.
Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 14.09.2018.



Figur 42: Den austlege av dei to slåtteteigane nord for garden. Det er tydeleg at det er kantonene som har størst artsmangfold. Ein kan sjå den vestlege del-lokaliteten øvst til høgre i biletet. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6976728, E 159228. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 14.09.2018.

1.3.2 Lok. 13. Ekkerøya, sør for garden

EU89, UTM-sone 33: nord, øst

Areal: 0,7 daa

Verdi: Viktig -B.

Naturtype: Slåttemark 100 %.

Utforming: Intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6).

Feltsjekk siste: 14.09.2018 av Åshild Hasvik og Finn Oldervik.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Åshild Hasvik i samarbeid med Finn Oldervik, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 14.09.2018. Føremålet med prosjektet var ny-kartlegging av slåttemark, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetsomtalen er utarbeidd i tråd med nyaste versjon av faktaark for slåttemark, oppdatert i 2018 (Svalheim 2015), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjon.no slik at dei vert tilgjengelege i Artskart.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg i Jordalsgrenda, rett vest for Jordalselva på småbruket Ekkerøya (bruksnummer 89/3) i eit relativt flatt område vest for garden. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). Bergrunnskart over området viser at berggrunnen for det meste består av diorittisk til granittisk gneis, i hovudsak kvartsdiorittisk, men også migmatittisk (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane er moreneavsetningar og i tillegg grenser lokaliteten mot breelvavsetningar i vest (ngu.no/kart/-losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPAR: Lokaliteten er etter siste versjon av faktaark for slåttemark i DN Handbok 13 (Svalheim 2015), å rekne som slåtteeng. Etter NiN-systemet er enga kategorisert som intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6). Naturtypen slåttemark er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova, og er vurdert som kritisk trua (CR) på norsk raudliste for naturtypar frå 2018.

ARTSMANGFALD: Det vart i 2018 registrert i underkant av 40 karplantar i lokaliteten, åtte av desse er tyngdepunktartar for semi-naturleg eng; aurikkelsvæve, blåklokke, gulaks, harerug, kjertelaugnetrøyst, prestekrage, smalkjempe og småengkall. Blåklokke og smalkjempe er nokre av mengdeartane i lokaliteten. Det kan vere potensial for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp i lokaliteten.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Grunneigarane har normalt slått enga med slåmaskin. Fram til 2007 vart høyet hesja, sidan den tid har dei fjerna høyet etter nokre dagars tørking på marka. Dei har vanlegvis slått i slutten av juli. Ifølgje grunneigar er areala gjødsla noko med sauettale og litt kunstgjødsel, utan at teigen ber tydelege preg av gjødslinga.

FRAMANDE ARTAR: Det er ikkje registrert framande artar i lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: Det er ønskeleg at lokaliteten skjøttast med tradisjonell skjøtsel. For at plantane skal rekke å utvikle frø bør slåtten ikkje gjennomførast før etter 20. juli. Graset i kantonene kan slåast med ljå, resten av areala med slåmaskin. Graset bør bakketørkast i minst to dagar og i løpet av denne tida bør det vendast ein gong eller to for å sikre at dei

mogne frøa fell av og får spreidd seg. Etter tørking bør graset rakast saman og fjernast. Det er positivt for lokaliteten med etterbeite på hausten, slik at vegetasjonen vert halden nede. Ein kan også vurdere beiting om våren om det er ønskeleg. Det er viktig at også kantonene skjøttast godt med slått og rydding av eventuelle lauvoppslag. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfald må enga ikkje gjødslast, pløyast, sprøytast eller pussast med beitepussar.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP: Lokaliteten ligg om lag 500 og 800 meter frå nærmeste slåttemarker. Nærleik til elvemiljø bidrar med «stepping stones» som gjer at artar lettare spreier seg mellom lokalitetar.

VERDIVURDERING: Etter faktaark for slåttemark frå juli 2015, oppdatert i 2018, oppnår lokaliteten middels vekt på storleik (0,7 daa), og låg vekt på grunntypevariasjon (ein kartleggingseining). Vidare oppnår enga låg vekt på artsmangfald med berre sju registrerte tyngdepunktartar for semi-naturleg eng. Lokaliteten kan ha eit visst potensiale for beitemarksopp. Enga oppnår høg vekt på tilstand då den er lite prega av gjengroing. Påverknad er sett til middels, då lokaliteten har preg av gjødsling, men at det framleis er spreidde førekommstar av slåttefavoriserte artar. Verdfulle kulturmarkareal innanfor ein radius på under ein km frå garden, samt kantvegetasjon og korridorar mellom desse er, i tillegg til nærleiken til elvemiljø, positivt for lokaliteten og fører til middels verdi på landskapsøkologi. Til saman oppnår lokaliteten verdien viktig – B.



Figur 43: Lokaliteten sett frå nord mot vest. GPS-koordinat UTM-sone 33: N 6976676, E 159139. Foto: Åshild Hasvik, Bioreg AS © 14.09.2018.

2 Vedlegg 2 Uprioriterte lokalitetar som ikkje skal leggjast i Naturbase

Under følgjer skildring av lokalitetane som ikkje når opp til minstekrava for registrering i Naturbase. Om lokalitetane restaurerast er det truleg at verdiane i desse lokalitetane vil auke.

2.1.1 Lok. 14. Utistua, Gammalsetra

EU89, UTM-sone 33: nord 7001471, aust 187634

Areal: 6,3 daa

Verdi: Uprioritert

Naturtype: Slåttemark 15 %, slåttemyr 15 % og gjengrodd slåttemark 70 %

Utforming: Opphavleg er dette intermediær slåttemark som har vore utan hevd i lang tid bortsett frå litt sporadisk beiting av sau og hjort. Dette er for det meste ein gjengrodd seterstøl (om lag 70 % av den avgrensa lokaliteten). Intermediær/rik slåttemyr (15 %)

Feltsjekk siste: 13.09.2018 av Finn Oldervik, saman med grunneigar Arild Mogstad.

Avgrenningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

INNLEIING: Lokalitetsomtalen er utforma av Finn Oldervik med bidrag frå grunneigar Arild Mogstad og Åshild Hasvik, Bioreg AS. Omtalen er grunna på ei naturfagleg undersøking utført av Finn Oldervik og Arild Mogstad den 13.09.2018. Føremålet med det samla prosjektet var ny-kartlegging av naturtypar tilhøyrande to gardsbruk på Mogstad i Surnadal, og var på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer DN-håndbok 13 sine reviderte faktaark frå hausten 2014/vinter 2015 (med oppdatering i 2018), og inkluderer terminologi etter NiN versjon 2.1 i målestokk 1:5000, basert på kartleggingsvegleiar for NiN-kartlegging (Bratli et al 2017). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen og Hilmo 2015), og raudlistestatus for naturtypar følgjer raudlista for naturtypar frå 2018 (Artsdatabanken 2018). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 20 meter. Artsregistreringar frå lokaliteten vert lagt til i artsobservasjoner.no.

PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten tilhørde frå gammalt garden Mogstad (bruksnummer 58/6) i Surnadal og høyrer framleis til dette gardsnummeret. Etter det grunneigaren har kome fram til ut frå munnlege kjelder, så vart setra her nedlagt i 1890-åra, og seterhusa vart då flytta dit dei står i dag (Nistusetra). Det var i 2003 at eigaren påviste staden der setra eingong låg, og det var oppdaging av novsteinane som var avgjerande for påvisinga av lokaliteten. Ei oppmåling av avstanden mellom novene og ein sjekk av det same på Nistusetra fjerna all tvil om at ein hadde funne tøftene til Gammalsetra, Nistu Mogstad. Gammalsetra – eller rettare, staden der seterhusa eingong stod, ligg i Gamalseterlia rett vest for der det står Haugaslættet¹ på kartet, om lag 400/425 moh. Staden ligg omlag 1,9 km frå busetnaden på Mogstad ved elva Surna. Lokaliteten ligg på ein tørr rygg og har meir eng preg enn den nye seterstølen som no har namnet Nistusetra. Kulturminne finst i form av novsteinar og gamal setersti. Lokaliteten er viktig som eit element i det heilskaplege kulturlandskapet på Mogstad. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). Berggrunnskartet over området i skala 1:250 000 viser at

¹ Siste stavinga av dette namnet viser at vi her har ein stad der dei slo i gamle dagar. Inkjekjønnsordet eit slætt er nemleg avleia av verbet å slå. *Eit slætt* har eigentleg ingenting med hokkjønnsordet *ei slette* å gjera. Forstavinga i namnet Haugaslættet kan koma av at det eingong har vore ein husmannsplass kalla Haugen som hadde rett til å driva markaslått her.

berggrunnen her er relativt rik med ei blanding av glimmergneis, glimmerskifer, metasandstein og amfibolitt (ngu.no/kart/berggrunn). Lausmassane i området består, i tillegg til torv og myr, av eit tynt humusdekkje over berggrunnen (ngu.no/kart/losmasser).

NATURYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Slik lokaliteten ser ut i dag, så er den vanskeleg å plassera innan nokon klårt definert naturtype. Då eigaren har planar om å rydda det som ser ut til å ha vore stølen i sin tid, for så å koma i gang med slått der, vil vi definera lokaliteten som restaurerbar slåttemark. Trevegetasjonen er samansett av ymse boreale treslag, mest bjørk og vier. Men også arter som gråor, selje og rogn finnes i tillegg til litt furu. Førekomst av rogn såpass høgt over havet tyder ofte på gammalt kulturlandskap. I aust er det teke med litt frodig myr innan den avgrensa lokaliteten. Artsmangfaldet her er ikkje skikkeleg undersøkt, men grunneigaren har lagt merke til at det veks ein god del med jáblom der, noko som tyder på at vi har med intermediær/rik myr å gjera Etter siste versjon av faktaark i DN Handbok 13, er lokaliteten å rekne som 15 % slåttemyr av utforminga rik/intermediær slåttemyr, og 85 % slåttemark. Etter NiN er området å rekne som kalkrik semi-naturleg myr med myrkantpreg (MF·cd) (V9-C-3) og intermediær eng med mindre hevdpreg (T32-C3). Heile lokaliteten har eit veldig svakt slåttepreg (SP·a) i dag. Både naturtypane er likevel utvalde typar etter naturmangfaldlova. I norsk raudliste for naturtypar frå 2018 er slåttemyr vurdert som sterkt truga (EN), mens slåttemark er vurdert til å være kritisk truga (CR).

ARTSMANGFOLD: Det vart i 2018 registrert vel 30 ulike karplanteartar inkludert dei treslaga som vaks der. Ingen av dei artane som vart påvist indikerte base- eller kalkrikdom innan det aktuelle området, men førekommst av jáblom i myrkanten mot aust indikerer at artsmangfaldet kan vera noko større enn det vi så langt har fått med oss og at den relativt rike berggrunnen i området stadvis kan gje seg utslag i eit rikare planteliv. I tre- og busksjiktet vart følgjande artar registrert; bjørk, furu, gråor, rogn, selje og ørevier. Av artar påvist i feltsjiktet kan følgjande nemnast; augnetroyst sp., bakkesoleie, bjørnekam, blokkebær, blåknapp, blåtopp, bringebær, engkvein, finnskjegg, firkantperikum, gulaks, hengeveng, krypsoleie, kvitkløver, marikåpe sp., mjødurt, myrmaure, ryllik, skogfiol, skogsnelle, skogstorkenebb, tepperot og tyrihjelm. Som ein ser er alle artane vanlege og vidt utbreidde og som nemnd, berre jáblom indikerer base- eller kalkrikdom medan gulaks er den einaste tyngdepunktsarten for slåtteeng. Mose - og lav - floraen vart ikkje undersøkt på denne lokaliteten, sidan den førebels likevel ikkje rekk opp til å verta definert som ein prioritert naturtype.

BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD: Lokaliteten har nok opphavleg vore skjøtta med slått, og det er noko usikkert kor lenge skjøtselen held fram etter at setra vart flytta til der den står i dag (Nistusetra) (Sjå lok nr. 12). Det er likevel grunn til å merkja seg at det stod ei høyløe ikkje så langt unna stølen heilt opp til 1960-talet. Den førre brukaren, Olav (f. 1927) fortalte noverande brukar at han overnatta i høyet i denne høyløea ein gong i sin ungdom. Det kan tyda på at markaslåtten, og dermed skjøtselen av Gammalseterstølen held fram så lenge det var seterdrift på garden, altså til 1947. Det har truleg vore beita her sidan, med vekslande beitetrykk i alle år fram til i dag. Marka har likevel vore i ein gjenvekstsuksesjon sidan slåtten truleg tok slutt i andre halvdel av 1940-åra. Elles kan nemnast at det er ruinar etter fleire høyløer i dette området. Det kan også nemnast at det er fleire relativt store slåttemyrer her og det er også ruinar etter fleire høyløer enn den tidlegare nemnde.

Eigaren har planar om å rydda lokaliteten for skog og tenkjer å starta på den jobben alt dette året. Så snart skogen er rydda bort vil han ta opp att slåtten igjen. I tillegg vil han rydda den gamle hestvegen/stien og merka den slik at også dette kulturminnet kjem til sin rett. Ifølge

grunneigar medførte ei liknande rydding på Nistuseterstølen at atsmangfaldet ganske snart vart atskilleg større, samt at det dukka opp raudlista beitemarksopp som til dømes den relativt sjeldne og raudlista vokssoppen, russelærvokssopp (NT) og den raudlista entolomaarten, mjølraudspore (VU).

FRAMANDE ARTER: Det er ikkje registrert nokon framande artar på denne lokaliteten.

SKJØTSEL OG OMSYN: Bevaringa av natur- og kulturverdiane er avhengig av at det ikkje vert gjort fysiske inngrep. Det beste for den tidlegare slåttemarka og -myra er at tradisjonell slått vert teken opp igjen, og at skjøtselen av slåttemarka vert så lik den tradisjonelle bruken som mogleg. Det vil variere kor hyppig det er naudsynt med slått, men det beste for denne lokaliteten er truleg årleg sein slått slik ein må rekna med at var tradisjonen her. Etter slått bør graset tørkast på bakken, slik at mogne frø frå plantene vert frigjort. Høyet må seinare fjernast frå slåtteområdet. Dette er viktig for å unngå oppgjødsling, samt endra veksttilhøve for mosar og mindre karplanter. Oppslag av lauvtrerrenningar må fjernast etter kvart som dei viser seg. Som nemnd er mykje av lokaliteten i dag attgrodd av skog og har ofte eit tuva preg, noko som truleg vil betra seg raskt når slåtten kjem i gang. Det er viktig at kantonene skjøttast godt slik at slåttelokaliteten ikkje minkar grunna attgrowing frå kantane. Av omsyn til vegetasjon og artsmangfald må lokaliteten ikkje gjødslast eller jordbearbeidast. Det er også planar om å ha sau på haustbeite her etter kvart.

DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP Gammalsetra er ein viktig del av kulturlandskapet tilhøyrande Utistua og Nistua på Mogstad. Nær denne lokaliteten ligg det restar etter fleire høyløer og det er store område med tidlegare slåttemyr i nærleiken av Gamalsetra. Rett aust for lokaliteten står stadnamnet Haugaslettet – eit namn som er feilplassert ifølgje eigars Arild Mogstad. Namnet er likevel interessant, då det viser til ein stad dei slo gras i gamle dagar, og det var kanskje brukeren på Haugen som hadde slåtteretten her. Mellom lokaliteten og busetnaden på Mogstadgardane ligg det fleire slåttemarkar med utspring i gamle husmannsplassar, og det ligg også ein stor, gammal haustingsskog mellom desse slåttemarkane og setrene lenger oppe i lia, der det er mange gamle styva/pila almar. Alle desse lokalitetane er viktige for å gjenskapa det gamle kulturlandskapet på Mogstad og Gammalsetra er ein viktig del av dette kulturlandskapet.

VERDIVURDERING Etter faktaark for slåttemark frå 2014, oppnår lokaliteten høg vekt på 1. storleik (ca. 6,3 daa), høg vekt på 2. typevariasjon (ein grunntype og innslag av restaurerbar fukteng), liten vekt på 3. artsmangfald², liten vekt på 4. tilstand då attgrowinga er komen langt på lokaliteten og berre ei mindre glenne er framleis open inn i lokaliteten i tillegg til myrkanten og myra i aust, låg vekt på 5. påverknad då det ikkje har vore nemneverdig hevd her på mange 10-år, middels/liten vekt på 6. landskapsøkologi og heilskapleg kulturlandskap ut frå at det er mange andre slåttemarkslokalitetar på garden samt at den er eit viktig element for å kunne gjenskapa det gamle kulturlandskapet her. Dei andre lokalitetane ligg likevel i såpass avstand frå denne at den ikkje kan få middels verdi for dette parameteret. For denne lokaliteten har hevden vore svak i lang tid, slik at den ikkje når opp til inngangsverdien for slåttemark. Lokaliteten vert difor vurdert som uprioritert.

² Artsmangfaldet her er berre middels godt kartlagt, og det kan ha vore ein god del «vårarter» her som var vanskeleg å registrere i september då kartlegginga vart gjort. Kva gjeld innslaget av myr og myrkant i aust, så er ikkje denne delen av lokaliteten kartlagt med tanke på artsmangfaldet, anna enn at grunneigaren har lagt merke til at det veks ein god del jäblom der.

Bilde



Figur 44: Inne i skogen litt til venstre for midten av biletet ligg det ei opa glenne med engprega vegetasjon. Det er stort sett det einaste som er intakt av slåttemarka på Gamalseterstølen i dag. Heilt til høgre mot aust går bjørkeskogen over i myr. Etter grunneigar sitt ynskje, så er litt av denne tidlegare slåttemyra inkludert i lokaliteten. Foto: Finn Oldervik, Bioreg AS © 13.09.2013.



Figur 45: Vårbilete frå området nedanfor Gammalseterstølen. Det som enda er ope av stølen ligg opp i bjørkeskogen bak den høgste haugen, medan novsteinane ligg nokre ti-meter lenger mot venstre (Sjå eige biletet!). Foto: Arild Mogstad © 8.11.2009.



